

Nei til EUs skriftserie

# vett

Nr. 4 • November 2011 • Kr 40,-



# Kvinner i krise

– EU og likestillingspolitikk

RETURUKE 3

INTERPRESS NORGE



07 >

Marianne Granheim Trøyflat (red.)

# **Kvinner i krise**

– EU og likestillingspolitikk

Nei til EUs skriftserie VETT nr. 4 2011

# Hefter i skriftserien VETT

- 3-2011:** Boye Ullmann og Hilde Nylén (red.): *På kollisjonskurs*
- 2-2011:** Morten Harper (red.): *Eurokrisen*
- 1-2011:** Morten Harper (red.): *Nordområdenes geopolitikk*
- 3-2010:** Jens Kihl (red.): *Kommunalpolitikk og EU*
- 2-2010:** *EU-guiden* (spesialutgave)
- 1-2010:** Morten Harper: *Stadig tettere union*
- 4-2009:** Marte Nilsen (red.): *Finanskrisen og EU*
- 3-2009:** Morten Harper (red.): *Sagaøyas ny virkelighet*
- 2-2009:** Kjell Arnestad (red.): *EUs politi- og justissamarbeid*
- 1-2009:** Helene Bank og Maria S. Walberg:  
*EPA: partnerskap eller nykolonialisme*
- 6-2008:** Andreas Halse og Morten Harper (red.):  
*Truer EU den nordiske velferdsmodellen?*
- 5-2008:** Utdanningspolitisk utvalg (red.):  
*Hånda i været – EU og utdanningspolitikk*
- 4-2008:** Dag Seierstad og Paul Gamlemshaug: *EUs postdirektiv*
- 3-2008:** Morten Harper: *Feil klima i EU*
- 2-2008:** Morten Harper (red.): *Lisboa-traktaten*
- 1-2008:** Maria S. Walberg (red.): *Myntunionen*
- 4-2007:** Morten Harper: *Lokale konsekvenser av EØS*
- 3-2007:** Amund Vik: *Fremmer EU freden?*

Hvert hefte koster kr 40,- + porto. Medlemmer av Nei til EU kan abonnere gratis på VETT.

Send bestillingen din til: [bestilling@neitileu.no](mailto:bestilling@neitileu.no)

Alle VETT-utgivelsene kan også lastes ned på [www.neitileu.no](http://www.neitileu.no)

Nei til EUs skriftserie VETT nr. 4 2011

© Nei til EU 2011

Redaksjon for dette heftet: Marianne Granheim Trøyflat (red.), Magnhild Folkvord, Hildegunn Gjengedal, Helle Hagenau og Eva Marie Mathisen

Alle artiklene står for forfatterens egen regning

VETT-redaktør: Morten Harper

Layout og forsideillustrasjon: Eivind Formoe

Trykkansvarlig: Datatrykk

ISSN: 1504-5374

ISSN elektronisk utgave: 1891-4837

Opplag: 6 000

# Innhold

Forord	4
Eva Marie Mathisen og Marianne Granheim Trøyflat: Det sure stridseplet	8
Eva Marie Mathisen: Dei viktigaste EU-regelverka om likestilling	16
Magnhild Folkvord: Feminist i EU-parlamentet	18
Marianne Granheim Trøyflat: Kjønnskvoltering – ein menneskerett	24
Anne Casey: Finanskrisens følger for kvinner i Irland	27
Magnhild Folkvord: Set livet på vent	35
Helle Hagenau: Likestilling i EUs utenrikspolitikk	45
Marianne Granheim Trøyflat: Union med forviklingar	53
Marianne Granheim Trøyflat: Kvinner på jakt etter makt	58
Studieplan	62

# Forord

Da finanskrisa skylla inn over EU fekk kvinner merke det særleg godt. Dei jobba i offentleg sektor, deltid og i lågtløna yrke, og merka nedskjæringane i velferdsgoda og arbeidsløysa på kroppen. Særleg hardt ramma er kvinner i Irland og Hellas. Det kan du lese meir om i dette Vett-heftet.

Du kan også lese om korleis EUs likestillingspolitikk ser fin ut på papiret, med til dømes likehandsamingsdirektiv, likelønsdirektiv og direktiv om omsorgspermisjon, men korleis det også er mange døme på at fagre ord ikkje blir følgd opp med praktisk politikk. Det er nok å sjå eit bilete av EUs toppleiarar for å slå fast at likestillingspolitikken framleis har eit stykke å gå.

EUs politikk får ikkje berre konsekvensar for EUs kvinner. Norske kvinner blir også påverka gjennom EØS-avtalen. Til dømes stoppa EØS-avtalen tiltak for å tilrettelegge for fleire kvinnelege entreprenørar. Dette kan du også lese meir om i Vett-heftet du har i hendene.

EUs ambisjonar for likestillingspolitikken stoppar ikkje ved EØS-området. I likestillingsstrategien for 2010-2015 slår Kommisjonen fast at EU innanfor rammene av sin politikk i vesentleg grad kan påverke prosessen med å fremje likestilling og styrke kvinners innflyting og status i heile verda. Det gjenstår å sjå om dette lukkast. Og kanskje er det nettopp desse politiske rammene som set grenser for EUs likestillingspolitikk, både innanfor og utanfor eigne grenser. Den overordna politikken om fri flyt av varer og tenester innanfor den indre marknaden passar ikkje alltid som hand i hanske med ein meir offensiv likestillingspolitikk. Som den nyleg avgåtte leiaren for kvinnekomiteen i EU-parlamentet, Eva-Britt Svensson, seier seinare i dette heftet:

«Det blir ofte snakka i store ord om likestilling og kor viktig likebehandling er, men så blir det lagt ein politikk på økonomi eller andre område, som går i stikk motsett lei. Alle forsøk på å betra til dømes papirlause kvinners situasjon, investera i barneomsorg og så vidare blir undergrave...»

Etter å ha lese dette Vett-heftet håpar vi du har fått meir innsikt i EUs likestillingspolitikk, korleis vilkåra for kvinner er innanfor EU, og korleis EUs politikk påverkar norsk likestillingspolitikk.

Ein stor takk til alle bidragsytarar. Særleg takk til Magnhild Folkvord, Helle Hagenau, Eva Marie Mathisen, Morten Harper, Eivind Formoe og ikkje minst Marianne Trøyflat, som har lagt ned mykje engasjement og arbeid i å få ferdigstilt dette Vett-heftet.

God lesing!

**Hildegunn Gjengedal**, Leiar kvinnepolitisk utval



**En dag på EU-toppmøtet:** Statslederne er samlet i Brussel på møte i Det europeiske råd juni 2011.



Foto: EU



# Det sure stridseplet

**Trass i fagre ord er EU framleis med på å sementere eit menneses Europa.**

**Av Eva Marie Mathisen**, kvinnepolitisk sekretær i Nei til EU

**Marianne Granheim Trøyflat**, informasjonsrådgjevar i Nei til EU

Likestilling mellom kvinner og menn er ei hard nøtt i EU. Politikkområdet ligg i skjeringspunktet mellom den indre marknaden, som Noreg er med i gjennom EØS, og samarbeid på andre område, slik som helse-, sosial-, og ein del utanrikspolitikk, som Noreg ikkje deltek i. Dei sistnemnte er også område der EU i mindre grad har overnasjonal myndigheit, men som det likevel blir utarbeidd felles strategiar og målsetjingar på. Eit sentralt spørsmål er dermed kor langt EU til ei kvar tid kan gå i å hindre eller påleggje medlemsstatane å gjennomføre likestillingstiltak.

## **Sprikande utvikling**

Ei anna utfordring er at EU har målsetjingar som openbart strir mot kvarandre. Likehandsaming er eit berande prinsipp i EU-retten, og nasjonalstatane har ikkje høve til å diskriminere på bakgrunn av kjønn, med mindre særlege grunnar talar for det. Det er mellom anna nedfelt i likehandsamingsdirektivet artikkel 1, 3 og 4, som seinare er innlemma i likestillingstillingsdirektivet (2006/54/EF).

Likevel er det på det reine at kvinner er underrepresentert på ei rekkje område, og at det trengs tiltak for å endre på dette. Til dømes opna den norske Universitets- og høgskolelova for øyremerking av vitskapelege stillingar for kvinner, men dette vart underkjent av EFTA-domstolen i 2003. Domstolen meinte ikkje at grunnlaget for å «diskriminere» var godt nok, mellom anna fordi det «i prinsippet måtte vera ei mulegheit for at den best kvalifiserte kandidaten

fekk stillinga»<sup>1</sup>.

Det viser seg altså at intensjonane spriker. Men det har også føregått ei historisk utvikling i EU, etter kvar som unionen sjølv har endra karakter. Hovudtrekka i utviklinga blir i det følgjande presentert, samstundes som dei innebygde paradoksa vil bli grundigare illustrert.

### Vegen etter Rom

I nokon grad har likestilling alltid stått på agendaen i EU. Til dømes har prinsippet om lik løn for likt arbeid eksistert sidan 1957. I Roma-traktaten, som danna grunnlaget for Det europeiske økonomiske felleskapet, som EU heitte den gongen, omhandlar paragraf 119 likeløn. Ein borgar i eit EU-land har krav på å motta lik løn for same arbeid som ein arbeidstakar av det motsette kjønn, om ein utfører det same arbeidet for den same arbeidsgjevaren. Bakgrunnen for denne paragrafen var å hindre sosiale dumping og at bedrifter ikkje skulle skaffe seg urimelege konkuransfordelar ved å tilsetja kvinner som var underbetalt.

EU har også understreka at likestilling kan innebera særtiltak retta mot det eine kjønn. I likestillingsdirektivet artikkel 21 blir det presisert at:

«Forbudet mod forskelsbehandling bør ikke være til hinder for opretholdelse eller vedtagelse af foranstaltninger, der har til formål at forebygge eller opveje ulemper for en persongruppe af det ene køn.»<sup>2</sup>

Dette byggjer på artikkel 2 i likehandsamingsdirektivet frå 1976, der det også blir presisert at tiltak for å rette opp i «faktiske uligheder» mellom kvinner og menn er tillate.

I Den europeiske union sitt charter om grunnleggjande rettar frå 2000 (rettskraftig gjennom Lisboa-traktaten frå 2009) står følgjande i artikkel 23:

«Det skal sikrast likestilling mellom menn og kvinner på alle område, herunder det som gjeld sysselsetjing, arbeid og løn. Prinsippet om likestilling er ikkje til hinder for oppretning eller vedtak av tiltak som gir det underrepresenterte kjønnet spesifikke føremoner.»<sup>3</sup>

Som konsekvens av Lisboa-traktaten, har i tillegg Traktaten om den europeiske Unionen (også kjent som Maastricht-traktaten) fått ei formulering om at likestilling mellom kvinner og menn er ein grunnleggjande verdi for EU, allereie i artikkel 2.

Politikkområdet har utvikla seg i takt med unionen sjølv. EU har vedteke ei rekkje direktiv knytt til likestilling mellom kjønna. Dei fleste av desse er innordna i det nemnte likestillingsdirektivet, mellom anna, likelønsdirektivet (75/117/EØF) og direktivet om yrkesbaserte trygdeordningar (86/378/EØF). EU sitt direktiv om omsorgspermisjon frå 1996 kan også vera verd å merke seg, der det blir slått fast at både mannlege og kvinnelege arbeidstakarar skal ha rett til permisjon i ein periode på minst tre månader inntil barnet fyller åtte år. Eventuell løn i slike situasjonar er det vel å merke overlete til nasjonalstatane å avgjera.

### **Fem arbeidsområde 2010-2015**

Hovudtyngda av likestillingsarbeidet i EU har ligge på arbeidsliv og økonomiske spørsmål. Men etter kvart som EU har fått ein statsliknande karakter, har fleire aspekt kome til. I 2010 kom EU-kommisjonen med ein ny strategi for likestilling (KOM (2010) 491). Fem arbeidsområde er utkrystallisert for perioden 2010-2015:

#### *1. Økonomisk uavhengigheit på likefot*

Betre kjønnsfordeling på arbeidsmarknaden, fleire «kvalitetsjobbar» for kvinner og relle mulegheiter for både kvinner og menn til ein betre balanse mellom

## EUs traktater

Traktatendringene Lisboa-traktaten trådte i kraft 1. desember 2009. Navnet har traktaten fått fordi den ble vedtatt og signert av EUs statsledere i Lisboa under unionens portugisiske formannskap høsten 2007. Lisboa-traktaten er ikke bygd opp som et helhetlig nytt dokument som setter tidligere traktater til side, slik EU-grunnloven (forfatningstraktaten) var tenkt. I stedet er den en såkalt endringstraktat, som innfører bestemmelsene i de eksisterende hovedtraktatene. Lisboa-traktaten endrer og gjør tilføyelser til Traktaten om Den europeiske unionen (Maastricht-traktaten fra 1992 med senere endringer i Amsterdam- og Nice-traktatene) samt Traktaten om opprettelsen av Det europeiske fellesskap (Roma-traktaten fra 1957, med senere endringer, som får nytt navn: Traktaten om Den europeiske unions funksjonsmåte).

Lisboa-traktaten i sin helhet (dansk versjon) kan lastes ned fra Folketingets EU-opplysning: [www.eu-opplysningen.dk/emner/reformtraktat](http://www.eu-opplysningen.dk/emner/reformtraktat). Utenriksdepartementet har varslet at det også vil komme en norsk oversettelse av traktaten.

arbeidsliv og fritid er hovudinnhaldet i dette punktet.

### *2. Lik løn for likt arbeid og arbeid av same verdi*

Likeløn, både mellom kjønn og på tvers av nasjonalitetar, er eit uttala mål for EU.

### *3. Likskap i makt og avgjerde*

Kvinner sine høve til å delta i politiske og økonomiske avgjerder, av så vel privat som offentleg karakter, skal styrkast.

#### *4. Kamp mot kjønnsbasert vald*

Kjønnsbasert vald blir karakterisert som eit brot på grunnleggjande menneskerettar, og skal dermed aktivt motarbeidast.

#### *5. Likestilling i utanrikspolitikken*

EU pliktar seg til å fremje likestillingstiltak i internasjonale samanhengar. Unionen vil vera ein pådrivar for kvinner sine rettar og vil søke samarbeid med både statar og sivilsamfunnsaktørar i prosessen.

### **På kollisjonskurs**

Det er ingen problem for EU-institusjonane å produsere fyldige dokument med gode intensjonar. Det viser seg likevel at likestillingspolitikken fort avgrensar seg, noko to klare døme frå Noreg illustrerer.

I 2008 vart eit tiltak for å tilretteleggje for kvinnelege entreprenørar stoppa med heimel i EØS-avtalen. I lys av den skeive kjønnsfordelinga blant entreprenørar i Noreg, presenterte regjeringa ein handlingsplan for å få fleire kvinnelege entreprenørar. Bakgrunnen var openbar. Berre ein av fire som starta eiga bedrift var kvinner. Som startkapital satsa kvinner i gjennomsnitt 15 000 kroner av eigne pengar, medan menn satsa 50 000 kroner.

Tiltaket var ei ny stønadsordning for småbedrifter i utkantstrok. Søknader frå kvinner skulle leggjast øvst i søkarbunken, og var eit enkelt grep for å jamne ut skilnader mellom kjønna. Slik positiv særhandsaming er heimla i nasjonal lovgjeving gjennom likestillingslova § 3. Men ESA kunne ikkje godta dette, og meinte tiltaket var i strid med EU sitt likestillingsdirektiv som krev lik handsaming av kvinner og menn.

### **Nekta øyremerking av kvinnelege professorat**

Det andre dømet er frå Universitetet i Oslo. Etter at Universitetet hadde lyst ut vitskaplege stillingar øyremerka kvinner, slo EFTA-domstolen i 2003 fast at

dette var i strid med EU sine krav til likehandsaming. Eit norsk likestillingstiltak vart altså dømt ulovleg ut frå EU sine likehandsamingsreglar. Mange tilsette i academia såg på det som svært urimeleg at EØS-avtalen skulle innehalde bestemningar om universiteta sin personal - og likestillingspolitikk.

Utviklinga i tida som har gått etter EFTA-dommen viser at særtiltak framleis i stor grad er påkravd. Trass i at tal frå 2010 viser at 61 prosent av studentane på norske høgskular og universitet var kvinner, var det framleis berre 22 prosent kvinnelege professorar.

### **Dei fire fridomane – nok ein gong**

At viktige likestillingstiltak må vike på denne måten, heng saman med dei overordna måla for EU-samarbeidet. Størst muleggrad av marknadsstyring og fri konkurranse, også på arbeidsmarknaden, er grunnlaget for den indre marknaden (sjå t.d. Traktaten om Den europeiske unions funksjonsmåte/Roma-traktaten artikkel 3, 4 og 127). Å minimere statlege og politiske inngrep er altså eit mål i seg sjølv. I Lisboa-taktaten, som trådde i kraft i desember 2009 og foreløpig er den siste traktaten i EU, blir desse prinsippa ytterlegare stadfesta. Mellom anna blir det slått fast at hovudmålet for pengepolitikken er prisstabilitet, slik at omsynet til sysselsetjing og velferd alltid vil koma i andre rekkje (Traktaten om Den europeiske unions funksjonsmåte art. 127).

### **Inn for å påverke?**

I Noreg har vi, jamnt over, stort fokus på likestilling. Europabevegelsen vil framheve at vi har ein god likestillingspolitikk og at vi må inn i EU for å bruke denne som brekkstang for betring i heile Europa. Mellom anna har Grete Berget, tidlegare generalsekretær i Europabevegelsen, sagt følgjande:

«Den nordiske likestillingsmodellen vokste sakte,

men sikkert fram, og Norden ble et fyrstårn i likestillingsarbeidet. Norge ble med kvinneregjeringen i 1986 sett på som et kvinnes Mekka. Den nordiske likestillingsmodellen viderefikles nå i EU, og den kan bli enda bedre i sin europeiske drakt.»<sup>4</sup>

Internasjonalt samarbeid for å fremje likestilling er naturlegvis positivt. Men dette kan skje, og skjer, gjennom langt fleire organ enn EU. Først og fremst gjennom FN, der Noreg til dømes er aktive i kvinnekommisjonen. Ein del skjer også gjennom Nordisk Ministerråd, og vi deltek i Europarådet sin styringskomité for spørsmål av denne typen. Norske styresmakter følgjer EU sitt arbeid på feltet tett, og Barne, likestillings- og inkluderingsdepartementet oppgir på nettsidene sine at:

«EU viser stor interesse for norske initiativer og reformer, når det gjelder kvinnerepresentasjon, kvinners rolle i økonomien, arbeidsmarkeds- og konkurransepolitikken, samt menns rolle i familie- og likestillingspolitikken.»<sup>5</sup>

EU er i stadig utvikling, og det same er likestillingspolitikken. Kanskje vil vi om 20 år få eit direktiv som pålegg å ha øyremarka vitskaplege stillingar for kvinner. Det kan vi aldri vite. Det som er viktig å understreke i denne samanhengen er at ikkje-folkevalte organ har stor kontroll med kor langt medlemsstatane kan gå i å fremje likestillingstiltak, og at dette har ein tendens til å gå i disfavour av kvinner. Fleire av artiklane i dette heftet viser døme på det. Sjølv om EU levererer likestillingsstrategiar på løpande band, viser det seg at andre omsyn har ein tendens til å gå foran. Med vedtak av Lisboa-traktaten, er det ingen grunn til å tru at dette vil endre seg med det første.

**Noter**

- 1) EFTA-domstolen, case E-1/02, [http://www.eftacourt.int/index.php/cases/case\\_e\\_1\\_02/](http://www.eftacourt.int/index.php/cases/case_e_1_02/)
- 2) Eiga omsetjing. Originaltekst: «Forbuddet mod forskelsbehandling bør ikke være til hinder for opretholdelse eller vedtagelse af foranstaltninger, der har til formål at forebygge eller opveje ulemper for en persongruppe af det ene køn.»
- 3) Eiga omsetjing. Originaltekst: «Der skal sikres ligestilling mellem mænd og kvinder på alle områder, herunder i forbindelse med beskæftigelse, arbejde og løn. Princippet om ligestilling er ikke til hinder for opretholdelse eller vedtagelse af foranstaltninger, der giver det underrepræsenterede køn specifikke fordele.»
- 4) Kvinnenes Europa. En rapport om EU og ligestilling. Europabevegelsen og Europeisk Ungdom 2004.
- 5) [http://www.regjeringen.no/nb/dep/bld/tema/likestillingsområdet/internasjonalt\\_likestillingsarbeid/europeisk-likestillingsarbeid.html?id=512576](http://www.regjeringen.no/nb/dep/bld/tema/likestillingsområdet/internasjonalt_likestillingsarbeid/europeisk-likestillingsarbeid.html?id=512576)



# Dei viktigaste EU-regelverka om likestilling

Av **Eva Marie Mathisen**, kvinnepolitisk sekretær i Nei til EU

EU har gjennom tidene vedteke mange direktiv, resolusjonar og forordningar om likestilling, og andre dokument som ikkje direkte tek for seg likestillingsspørsmålet, men som likevel grip inn i problematikken. Her følgjer eit historisk oversyn over dei viktigaste direktiva på området:

## **Roma-traktaten frå 1957: Likeløn**

Traktaten som danna grunnlaget for EU har ein paragraf (§ 119) om likeløn. Ein borgar i eit EU-land har krav på å få same løn for same arbeid som ein arbeidstakar av det motsette kjønn, om ein gjer det same arbeidet for den same arbeidstakaren. Grunngevinga var i si tid å hindra konkurransevridning for bedriftene.

## **Likelønnsdirektivet frå 1975**

I 1975 vart likelønnsdirektivet (75/117/EØF) vedteke og på dette området har EU-domstolen gjennom ein rekkje saker avklart fleire prinsipielle spørsmål.

## **Likehandsamingsdirektivet frå 1976**

Om gjennomføring av prinsippet om likehandsaming av menn og kvinners tilgjenge til yrkesaktivitet, fagutdanning, opprykking og arbeidsvilkår (76/207/EØF).

## **Direktivet om yrkesbaserte trygdeordningar frå 1986**

Direktivet (86/378/EØF) seier mellom anna at det ikkje skal vera noko ulikhandsaming på grunn av kjønn når det kjem til pensjonsordningar eller andre ytingar som ein får som arbeidstakarar.

## **Svangerskapsdirektivet frå 1992**

Direktivet (92/85/EF) handlar om tryggleik og helsa under arbeid for gravide arbeidstakarar, dei som nettopp har fødd eller som ammar. Norske kvinner har allereie betre ordningar og vern.

## **Direktivet om omvendt bevisbyrde**

I 1997 vedtok EU-landa eit direktiv om bevisbyrde i saker som handlar om ulik handsaming på grunn av kjønn (97/80/EØF). Det ligg på den saksøkte å prove at prinsippet om lik handsaming ikkje er brote.

## **Likestillingsdirektivet frå 2006**

Dette direktivet (2006/54/EF) er ein del av EØS-avtalen. Heimel for direktivet var Amsterdamtraktatens artikkel 141 (3) som gjeld krav om likestilling mellom kvinner og menn i arbeidslivet. Direktivet er ei revidering av dei eldre direktiva på likestillingsområdet, Føremålet er å sikra gjennomføringa av prinsippet om like moglegheiter og likehandsaming av kvinner og menn i arbeidslivet. Direktivet er minimumsdirektiv. Det tyder at medlemsstatane står fritt til å fastsetja reglar som gjev eit sterkare vern for arbeidstakarane enn minstekrava i direktivet.

## **Direktiv om utvida foreldrepermisjon**

Direktivet gjev arbeidstakarane rett til foreldrepermisjon i 16 veker, mot tidlegare 12. Direktivet slår også fast at minst éin av disse fire månadene ikkje kan overførast frå den eine forelderen til den andre. I Noreg har vi allereie betre permisjonsreglar slik at dette direktivet ikkje har vore noko tema for oss. I EU er derimot permisjonsreglar stadig ein sak, og i oktober 2010 vedtok eit fleirtal i EU-parlamentet at permisjonen skulle aukast til 20 veker. I skrivande stund er det fleire land som har sett seg mot dette vedtaket, og det er uvisst kva som vert utfallet av permisjonsaka.

Kjelde: Europalov.no

# Feminist i EU-parlamentet

**I ein union råka av krise står parlamentet att som makteslaust og handlingslamma. Kvinnekomiteen har ikkje eingong eige budsjett.**

**Av Magnhild Folkvord**, medlem av kvinneutvalet i Nei til EU

Den svenske EU-parlamentarikaren Eva-Britt Svensson kjenner EU-systemet frå innsida. Ho har vore medlem av EU-parlamentet sia 2004, og leiår for kvinnekomiteen, eller komiteen for likestilling og kvinners rettar, sia 2009. Ho har fått erfara at sjølv om det blir sagt mange vakre ord om likestilling i EU-samanheng, har kvinnekomiteen svært avgrensa handlingsrom når det gjeld å få til tiltak som kan styrkja stillinga for kvinner i EU-landa. Til dømes ligg følgjene av finanskrisa utafor det kvinnekomiteen kan gjera noko med.

– Finanskrisa har ein gjennomgripande innverknad for kvinner i mange EU-land, og i visse land er det absolutt dramatisk. Kvinner har mista jobbane sine i svært høg utstrekning, og fattigdommen har auka. Vidare kjem krisa til å få langtgåande konsekvensar for statane sine investeringar i velferdssektoren, og særleg i omsorgssektorane. Når desse blir lagde ned eller blir reduserte, er det kvinner som får ta over jobben heime, med å stella gamle og barn og andre som treng omsorg. Da blir det enda vanskelegare å kombinera yrkesarbeid og familieansvar enn det alt er. Det er ein vond sirkel, seier Svensson.

Ho har også sett mange eksempel på at det er stor skilnad mellom teori og praksis når det gjeld likestillingsspørsmål i EU.

Sjå berre på det at alle topp-posisjonane i EU ser

ut til å vera kvoterte for menn: Herman Van Rompuy er EU-president, José Manuel Barosso er leiar for EU-kommisjonen og Jerzy Buzek er president i EU-parlamentet. Det er framleis uakseptabelt få kvinner på det nivået der avgjerder blir tekne i EU-parlamentet og i EU-byråkratiet. Det blir ofte snakka i store ord om likestilling og kor viktig likebehandling er, men så blir det lagt ein politikk på økonomi eller andre område, som går i stikk motsett lei. Alle forsøk på å betra til dømes papirlause kvinners situasjon, investera i barneomsorg og så vidare blir undergrave, seier kvinnekomiteleiareren.

### **Lisboatraktaten**

Lisboastrategien har ei målsetting om å gjera EU til den mest konkurransedyktige økonomien i verda. Svensson er ikkje optimist på vegner av kvinnene i EU når det gjeld kva følgjer dette kan få for politikken i dei einskilde landa.

– Lisboatraktaten går enda lengre enn tidlegare traktatar når det gjeld EU sin rett til å regulera medlemslanda sin politikk på område som er sentrale for velferdspolitikken, slik som sysselsettingspolitikk og økonomisk politikk, seier ho.

EU si makt til å diktera djupe samfunnsforandringar som tvingar fram ein marknadsliberal økonomisk politikk med fokus på priskontroll og lægre offentlege utgifter har blitt enda meir utvida i dei ulike oppgjera som har komme som følgje av den økonomiske og finansielle krisa i ulike EU-land, seier Svensson.

Ho er uroleg for verknadene av konkurransereglane og privatiseringsbølgjene som skyl over Europa.

– Kombinert med ei svekking av faglege rettar, slik som den nordiske hovudavtalemодellen, er dette alvorleg. Privatiseringar og avreguleringar er til fordel for dei kjøpesterke på ein marknad der alt skal seljast og kjøpast. Kvinner blir spesielt råka når dei offentlege investeringane i velferdsektoren blir trappa ned, slik

vi no ser det skjer i dei landa som er hardast råka av finanskrisa, seier ho.

### **- Uklart kor makta ligg**

*- Kva mandat har kvinnekomiteen i EU-parlamentet til å setja i verk tiltak som kan skapa betre likestilling i arbeidsliv og samfunnsliv?*

- Makta i EU er lite oversiktleg, og det er vanskeleg for innbyggjarane å vita korleis eller kva som blir bestemt av kven og kor makta ligg. Den makta komiteen har er relativt avgrensa, og blir i EU-samanheng delt med Kommisjonen og Rådet.

Komiteen for likestilling og kvinners rettar har både ei opinionsskapande og ei lovgivande rolle. Mange gonger handlar det om å driva fram feministiske spørsmål som elles ikkje blir diskuterte på europeisk nivå. I den samanhengen er komiteen ein stad for utveksling av informasjon, ein stad der vi driv politikk for å overtala kvarandre om kva som bør gjerast – og ikkje gjerast – for å oppnå likestilling på ulike område. Det kan handla om alt frå vald mot kvinner, likestilling i arbeidslivet til likestilling i kulturinstitusjonar.

I nokre tilfelle har kvinnekomiteen medbestemingsrett i lovgivingsspørsmål i lag med regjeringane i medlemsstatane, som til dømes da det skulle bli ny lovgiving mot menneskehandel, eller når det gjeld foreldrepermisjonsdirektivet, forklarar Svensson.

### **Nei til «gender budgetting»**

Komiteen kan spela ei rolle for å påverka haldningar, men om komiteen uttaler seg om spørsmål som ligg utanfor dei områda der EU har rett til vedta lover, får det ingen avgjerande følgjer.

Kvinnekomiteen rår ikkje over eigne budsjettmidlar. EU-parlamentet fastset budsjettet for EU saman med Rådet. Komiteen legg inn framlegg om øyremerka midlar til likestilling og framlegg om «gender budgetting», det vil seia at det for alle tiltak skal gjerast

greie for kva følgjer dei vil ha for kvinner og for menn.

– Men dei siste krava har til no ikkje fått gehør i budsjettkomiteen i parlamentet, seier komiteleiaren.

– *Kva må til for at framlegg frå kvinnekomiteen skal bli sett ut i livet?*

– Det er eit komplisert spørsmål. Reint allment vil eg seia at vår komite åleine ikkje kan sjå til at EU verkeleg utviklar eller endrar sin politikk på eit gitt område. Det er heller ein kombinasjon av vårt arbeid og politisk påtrykk og mobilisering av innbyggjarane som kan få Kommisjonen og medlemsstatane til å «hoppa på toget» og driva fram eit viktig spørsmål ut frå likestillingsomsyn. Eg kjenner dette held på å skje når det gjeld kampen mot vald mot kvinner, seier Svensson.

Ho understrekar at parlamentsmedlemmene skal vera ein inngang for innbyggjarar som ønskjer å påverka, og at komiteen er avhengige av folk og kvinneorganisasjonar for å driva arbeidet, for påverknad og for å få kunnskap om korleis det ser ut i dei ulike landa.

– *På kva måte kan kvinnekomiteen påverka arbeidet i andre komitear?*

– Vi vedtar ytringar og endringsframlegg i vår komite som blir delt med dei andre ansvarlege komiteane. På den måten prøver vi å få inn eit likestillingsperspektiv i dei andre komiteane sine saker. Vår komite kallar også inn til møte to gonger i året med representantar for alle andre komitear for å diskutera korleis «gender mainstreaming», det å la likestillingspolitikken bli ein del av den allmenne politikken, kan forsterkast i deira respektive arbeid, seier Svensson.

I eigenskap av å vera leiar for komiteen, sit Svensson også i noko som blir kalla komiteleiarkonferansen. I dette forumet kan ho løfta spørsmål og påverka arbeidet i dei andre komiteane.

## **Likestilling og maktperspektiv**

Svensson er sjølv ein ekte svensk feminist og representant for Vänsterpartiet, noko som kan gi ei anna tilnærming til kvinnepolitikken enn den likestillingspolitikken som gjeld i EU. I utgangspunktet handla EU sin likestillingspolitikk om like vilkår for kvinner og menn i arbeidslivet. Etterkvart har likestillingsperspektivet vorte inkludert i andre politikkområde, men berre sjeldan dreier det seg om særtiltak til fordel for kvinner. I kvinnerørsla har kvinnefrigjering gjerne eit langt meir omfattande innhald enn likestilling, med rom for ulike tolkingar av kva meir enn statleg likestillingspolitikk som skal til for at kvinner skal kunna vera fullt ut fri og sjølvstendige.

– *Kva har skilnaden mellom kvinnefrigjering og likestilling å seia i EU-samanheng?*

– Eg bruker sjølv ofte ord som feminisme og kvinnefrigjering i mitt arbeid, også som komiteleiar. Men det er mykje meir vanleg at omgrep som likestilling og «gender mainstreaming» blir brukt av EU-politikarar og i EU-byråkratiet. For dei fleste her kjennest det heilt klart mindre trugande å snakka om «likestillingstiltak» som ikkje har eit like tydeleg maktperspektiv, og som ikkje per definisjon også omfattar ei rørsle – kvinnerørsla – og politisk mobilisering, seier ho.

## **Ny strategi mot vald**

Sjølv om komiteen si makt ikkje er slik Svensson gjerne skulle ønskja, har ho sett resultat ho er glad for i løpet av komiteearbeidet. Ho har engasjert seg spesielt i arbeidet mot trafficking – menneskehandel – og vald mot kvinner.

– Eg synest det har skjedd mykje positivt. Vi har faktisk skapt eit svært godt samarbeid mellom fleire av dei ulike partigruppene – med kvinner som vil forandra og pressa på for kvinners rettar, også innan

sine respektive partigrupper.

Svensson nemner spesielt tre saker: Rapporten om foreldrepermisjonsdirektivet, «den europeiske skyddsorden», som, når den blir vedteken, inneber at kvinner som har blitt utsette for vald og der gjerningsmannen har besøksforbod, har rett til å ta med seg dette vernet når dei reiser til eit anna land, og no sist hennar eigen rapport som drar opp retningslinene for ein europeisk strategi for å bekjempe vald mot kvinner.

– Eg har også inntrykk av at fleire og fleire følgjer med arbeidet vårt, og kontaktar oss komitemedlemmer med informasjon og framlegg, slik at vi får meir materiale og kan gjera jobben vår betre. Vi har også styrkt vår stilling i forhold til andre komitear, og dei andre komiteane tar oftare opp våre spørsmål og vårt arbeid, seier Svensson.

Vi avsluttar med aldri så lite ønsketenkning:

– *Om du kunne velja eitt tiltak i EU-regi – utan omsyn til budsjettkonsekvensar – for å styrkja kvinners stilling, kva ville du foreslå?*

– Det er eit vanskeleg spørsmål, eg kan nok ikkje velja berre eitt! Eg vil jo heller ikkje at EU skal få meir makt til å gå inn og regulera i omsorgs-, og skattepolitikk i medlemslanda. Men la gå, eg ville gjerne sjå ein EU-strategi mot vald mot kvinner, med eit rikeleg budsjett for å garantera utbygging av krisesenter over heile Europa. Og så ville eg gjerne sjå ei utbygging av den offentlege omsorgssektoren, der alle skal få omsorg ut frå kva dei treng, ikkje ut frå lommeboka. Pengane kan til dømes takast frå nokre av EU sine satsingar på sikkerheitsutrusting og grensekontrollpoliti, seier leiaren for EU-parlamentet sin komite for likestilling og kvinners rettar.

*Eva-Britt Svensson gjekk 1. oktober 2011 ut av EU-parlamentet på grunn av sjukdom.*



# Kjønnskvoltering – ein menneskerett

**EØS-retten er truleg i strid med FN sin kvinnekonvensjon. Dette blir ignorert av EU-organ, men norske politikarar er i ferd med å ta grep.**

**Av Marianne Granheim Trøyflat**, informasjonsrådgjevar i Nei til EU

Kjønnskvoltering er stadig tema for debatt. Ved vedtak av nye lovar er det ikkje berre nasjonale motsetningar å ta omsyn til, men også ei rekkje internasjonale plikter og konvensjonar. For EØS er slett ikkje den einaste avtala som legg føringar. Da saka om øyremarking av vitskaplege stillingar for kvinner kom opp i 2003 (sjå side 6-13), vart særleg FN sin kvinnekonvensjon trekt fram av norske juristar.

## **Kvinner på tvers**

Kvinnekonvensjonen vart vedteken av FN si generalforsamling i 1979. Noreg ratifiserte konvensjonen i 1981, og da den nemnte saka var oppe i 2003, hadde alle EU sine medlemsland gjort det same. Kvinnekonvensjonen har ei positiv tilnærming til kjønnskvoltering, og medfører i visse tilfelle ei plikt til å ta dette verkemiddelet i bruk.

I ein artikkel av Anne Hellum og Ruth Nielsen frå 2002, «Menneskerettighetene og EØS-retten på kollisjonskurs? Om adgangen til å øremerke professorater og postdoc-stipend ved UiO» blir grensegangen og konfliktene mellom dei to rettsaktene teikna opp<sup>1</sup>.

EU-retten opererer med eit proporsjonalitetsprinsipp, som inneber at tiltak retta mot det eine kjønnet må tene eit lovleg føremål, vera eigna og

naudsynt for å nå dette føremålet og ikkje vera meir vidtgående enn naudsynt<sup>2</sup>. Kvotering vil altså ikkje vera umuleg, men vilkåra er strenge.

### **For faktisk likestilling**

Kvinnekonvensjonen har, som det ligg i namnet, til føremål å fremje og sikre kvinner sine rettar. Kvoteringsordningar blir dermed sett på som fullt lovlege, og stundom til og med naudsynte for å sikre faktisk likestilling. Jamfør artikkel 4 (1):

«Når konvensjonspartene vedtar midlertidige særtiltak for å fremme faktisk likestilling mellom menn og kvinner, skal dette ikke anses som diskriminering etter denne konvensjonen, men det skal heller ikke føre til at det blir opprettholdt ulike eller særskilte normer.»

Hellum og Nielsen understrekar at både Kvinnekonvensjonen og EU sitt likehandsamingsdirektiv (i dag likestillingsdirektivet) i prinsippet opnar for kvoteringsordningar. EU-systemet sine restriktive tolkingar har likevel fått forrang. I artikkelen blir det argumentert for ein endra tolkingspraksis, særleg på bakgrunn av auka vektlegging av sosiale rettferd og menneskerettar internt i EU. Det blir også framheva som eit sjølvstendig poeng at alle medlemslanda i EU har skrive under både Kvinnekonvensjonen og Wien-deklarasjonen om menneskerettane.

### **Nye kostar**

EFTA-domstolen tok ingen omsyn til Kvinnekonvensjonen i saka om øyremerking av vitskaplege stillingar i Noreg. Ordninga vart i 2003 slått fast å vera i strid med EU/EØS-retten, regjeringa bøygde av og praksisen opphøyrd. I 2008 varsla regjeringa at dei ville ta verkemiddelet i bruk på ny, og Tora Aasland uttala den gongen at omsynet til Kvinnekonvensjonen

var ein av årsakane til at ein hadde valt å gjera eit nytt forsøk<sup>3</sup>. Etter møte med ESA måtte den raud-grøne regjeringa likevel gå tilbake på lovnadene, og det er i staden laga eit system med økonomisk premiering ved tilsetjing av kvinner innan naturvitskap og teknologifag.<sup>4</sup>

### Eit spørsmål om rang

I 2009 fekk Kvinnekonvensjonen ei betydeleg styrking i Noreg. Ved implementeringa av konvensjonen til norsk rett i 2005 vart det diskutert om han skulle vera ein del av menneskerettslova eller ikkje. Dei bestemmingane som er med i menneskerettslova går framfor anna norsk lovgjeving dersom det oppstår motstrid, jf. § 3, tilsvarande EØS-lova, jf. § 2. Dette er altså svært privilegerte rettar.

Den gongen vart konvensjonen i staden teke inn i likestillingslova. Isolert sett var dette ei styrking av rettane som følgjer av konvensjonen, men innebar altså ikkje ein status på høgde med EØS-lovgjevinga eller andre menneskerettar som til dømes religionsfridomen.

Etter valet i 2005 derimot, vart dei raud-grøne partia samde om at dette skulle endrast, og etter knappe fire år fekk endeleg Kvinnekonvensjonen status som del av menneskerettslova. Politikarane har altså gitt seg sjølv eit ekstra kort på handa i kampen mot EFTA og byråkratiet i Brussel, iallfall i likestillingspolitikken. Så er det opp til regjeringa å spela korta rett og vise det påkravde motet til å handle. Da kan det kanskje vera noko å lære av denne manøveren også på andre område.

#### Noter

1) Anne Hellum og Ruth Nielsen, 2002. «Menneskerettighetene og EØS-retten på kollisjonskurs? Om adgangen til å øremerke professorater og postdoc-stipend ved UiO» i Kritisk Juss 1- 3 2002.

2) Ibid.

3) «Aasland lover øremerking i 2009» (02.09.08), <http://kifinfo.no/c42441/nyhet/vis.html?tid=54289>

4) «Insentivordning på plass» (13.01.10), <http://kifinfo.no/c42441/nyhet/vis.html?tid=68739>

# Finanskrisens følger for kvinner i Irland

**Når kuttene kommer er det kvinner som rammes hardest. I kjølvannet lider barna.**

**Av Anne Casey**, rådgiver i Landsorganisasjonen i Irland

Oversatt fra engelsk av Lill Fanny Sæther

I januar 2011 gjennomførte FNs uavhengige ekspert på menneskerettigheter og ekstrem fattigdom, Dr Magdalena Sepúlveda Carmona, et fem dagers besøk i Irland. Hensikten var å rapportere om den aktuelle situasjonen til FNs generalforsamling og FNs kommisjon for menneskerettigheter. Hennes rapport konkluderer med at den «økonomiske og finansielle krisen har skadet landet og har fått alvorlige konsekvenser for det irske folket». Samtidig som hun kritiserer regjeringen for å innføre kutt i offentlige utgifter, sier hun at «Reduksjoner i offentlige utgifter rammer de fattigste og mest sårbare hardest»<sup>1</sup>.

## - Et langt tilbakeskritt

Den nåværende økonomiske, og jeg vil også si politiske, krisen har dramatisk påvirket det irske samfunnet. Arbeidsløsheten øker, et økende antall mennesker lever i fattigdom og er sosialt ekskludert. Ved alle økonomiske og politiske kriser vil virkningen være veldig forskjellig på de ulike samfunnslagene. Krisen i Irland representerer en uforholdsmessig trussel mot sårbare grupper i landet, de som fikk liten glede av den såkalte Celtic Tiger, som den økonomiske boomen ble kalt i Irland.

De i samfunnet som er rammet uforholdsmessig hardt er barn, enslige forsørgere, handikappede, innvandrere, reisende, hjemløse, «the working poor» – det vil si de som ikke kan leve av sin lønnsinntekt –

folk i utkantstrøk, flyktninger og asylsøkere.

Menneskerettighetseksperten var spesielt bekymret for barn, og spesielt barn i familier med en enslig forsørger:

«De store kuttene i barnetrygden og andre tjenester i de siste statsbudsjettene vil forverre deres situasjon og lede til en økning i antallet fattige barn som er bekymringsfull. Dette representerer et langt tilbakeskritt for Irland»<sup>2</sup>

Irland var rangert blant de ti rikeste landene i verden i 2008/09. Men selv i de årene var det omfattende fattigdom innen visse grupper, og gapet mellom de rike og de fattige ble større i løpet av årene med ekstrem økonomisk vekst.

### **Oppblåste papirverdier**

Vi må erkjenne at kapitalismens vesen har forandret seg. Realøkonomien som baserer seg på produksjon av varer, med sine konstante overproduksjonskriser, ledet til at finanskapitalen med sine spekulasjonsbobler dominerte i stor stil med papirverdier som var ti ganger høyere enn verdens totale vareproduksjon. Dette medførte enorme strukturelle, materielle og ideologiske konsekvenser for samfunnet, inkludert økt individualisme og sviktende kollektiv bevissthet, spesielt klassebevissthet.

Det økonomiske klimaet med innstramninger i statsbudsjettene gjør det tøffere for arbeidsfolk. Dette kulminerte med budsjettet for 2010. Regjeringens politikk manifesterte seg med store kutt i offentlige utgifter, sosiale velferdsordninger, barnetrygd og offentlig ansattes pensjoner. I tillegg kom alvorlige angrep på arbeidsplasser i privat sektor og alle de andre tiltakene som var ment å bidra til at arbeidsfolk og de fattige skal betale for regjeringens og bankenes finanskriser.

## **Kvinner og arbeidsmarkedet**

Den første bølgen av arbeidsplasser som ble borte var hovedsakelig konsentrert i bygningsbransjen og tilstøtende vareproduksjon. Bygningsbransjens kollaps resulterte i en enorm økning av menn som registrerte seg som arbeidsløse. Den andre bølgen av arbeidsløse kom i lettindustrien og i servicesektoren med en overvekt av kvinnelige ansatte. Disse er også typiske lavtlønnsyrker. Dette ble så etterfulgt av alvorlige angrep på lønnen i offentlig sektor, hvor kvinnene også har de dårligst betalte jobbene. Mange av disse fikk lønnsreduksjoner på over 20 prosent.

Men dette er ikke hele historien. Kutt i velferdsordninger, trusler mot avtalene som regulerer lønnsdannelsen for lavtlønnede og avvikling av offentlige tjenester har alvorlige konsekvenser for kvinner i Irland og over hele Europa.

Virkningen for kvinner av de svekkede statsbudsjettene, de såkalte nøysomhetsbudsjettene, har ikke blitt analysert spesielt i Irland. Men det har blitt påpekt at de stadige kuttene i enkepensjoner, i støtten til enslige forsørgere og andre omsorgspersoner representerer kutt på nesten 10 prosent, i tillegg kommer kutt i barnetrygden på 8,5 prosent og kutt i tjenestetilbudet og lønninger i offentlig sektor som alle har rammet kvinner mer enn menn.

Hva betyr dette for kvinners dagligliv? Og i hvilke grad bidrar disse kuttene til ulikhet mellom kjønnene?

## **Lønnsnivå under press**

Sammen med økende arbeidsløshet, kutt i velferdsytelser og offentlige utgifter er lønnsnivået i Irland under press. Regjeringen har bestilt en kommisjonsrapport for å gjennomgå arbeidet til den partssammensatte arbeidsretten for fastsettelse av lønnsnivået i utvalgte lavlønnsområder. Arbeidsgiverne argumenterer med at de lønnsnivåene

arbeidsretten fastsetter fungerer som et hinder for å skape og opprettholde arbeidsplasser. Den uavhengige Duffy-Walsh-rapporten<sup>3</sup> konkluderte med at å senke arbeidsrettens fastsatte lønnsnivå ned til minstelønnen, ikke vil ha avgjørende innvirkning på antallet arbeidsplasser. Men det ser ut som om ansvarlig statsråd vil fortsette forsøkene på å reformere eller nedlegge den partssammensatte arbeidsretten. Å nedlegge denne vil resultere i en nedgang i lønn for de lavest lønte, spesielt kvinner, og det vil resultere i en dramatisk økning i antallet arbeidere og arbeideres familier som vil tvinges ut i fattigdom.

Sammenhengen mellom inntekt og fattigdom er vel kjent, ikke bare i Irland men i hele EU. I henhold til The European Anti Poverty Network er det:

«mer sannsynlig at kvinner i Europa vil oppleve fattigdom enn menn, og enslige mødre, eldre kvinner og innvandrerkvinner er spesielt sårbare.»<sup>4</sup>

### **Hjemmeværende kvinner**

I 2009 var 90 484 mennesker enslige forsørgere og mottakere av offentlig støtte fra Sosialdepartementet. Av disse fikk 56,1 prosent støtte for ett barn og 97,88 prosent av mottakerne var kvinner. 60 prosent av mottakerne var i arbeid. Av disse jobbet de fleste kvinner deltid, mens de fleste menn jobbet heltid. Enslige foreldre har ofte problemer med å finne arbeid, ta utdanning eller annen opplæring fordi det mangler barnehager og barnetilsyn etter skoletid av god kvalitet som de har råd til å betale. Dette betyr at jobbtilbudet er begrenset og lavt lønnet. I forhold til andre sosiale grupper er det mer sannsynlig at enslige forsørgere lever i fattigdom.

Data fra EU-rapporten som undersøkte inntekts- og levekår (EU-SILC) gjennomført i 2009 av det irske statistiske analysebyrået viser at 16,6 prosent av de enslige forsørgerne lever i permanent fattigdom,

sammenlignet med 5,5 prosent i befolkningen som helhet.

Den viktigste årsaken til barnefattigdom er at foreldrene er arbeidsløse. En betydelig andel av de barna som lever i fattigdom finnes i ikke-arbeidende familier. Nivået på sosialhjelpen er en annen viktig faktor. Barnetrygden er universell og skal dekke utgifter til underhold av barn, og har økt betydelig de siste årene. Utbetalingen skjer til den som har hovedomsorgen, og i de fleste tilfeller er det moren som mottar disse pengene. Dette er en viktig funksjon fordi barnetrygden derved gir kvinner en viss økonomisk selvstendighet.

Barnetrygden kan aldri kompensere fullt ut for kostnadene ved å ha barn, og i statsbudsjettet for 2010 har regjeringen redusert barnetrygden med 10 euro pr. mnd (ca 80 kr). for det første og andre barnet. Dette er et tiltak fra finansministeren for å spare 149 mill. euro. Støtten for påfølgende barn ble også kuttet. Samtidig ble det foretatt kutt i støtten til enslige forsørgere og støtten til andre omsorgspersoner (igjen overveiende kvinner) ble kuttet med 8 euro. Irland har mange enslige forsørgere og deres yrkesdeltagelse er lav.

### **Barns fattigdom**

Disse sparetiltakene bidrar til barnefattigdom: Nesten halvparten av barn i ikke-arbeidende familier med enslig forsørger lever i konstant fattigdom. Internasjonalt har vi sett at den mest effektive måten å redusere barnefattigdom på er at foreldre tilbyr arbeid. Irland burde ha forlatt en politikk med passivt mottak av støtte og trygder, og i stedet ha en gjensidig forpliktende tilnærming for å hjelpe og oppmuntre enslige mødre slik at de får fotfeste på arbeidsmarkedet, i alle fall når barna deres har nådd en viss alder.

Det er mulig å redusere utfasingsnivået på støtten til enslige forsørgere, fordi dette skaper en felle som



frister til lav aktivitet. Vi kunne også tillatt at foreldre vender tilbake til arbeidslivet og allikevel beholder noe av støtten, som for eksempel husleiestøtte og gratis medisinsk hjelp (kanskje for en begrenset tid). Som del av denne pakken kunne arbeidssøkerkravene strammes inn for enslige foreldre som har barn i skolealder. Selvfølgelig vil en slik gjensidig forpliktende politikk fremstå som attraktiv for nyliberale politikere og forståelsepåere. Det er derfor avgjørende at en utvikling mot en slik politikk kobles med tilstrekkelig arbeidstrening, barnehager og tilsyn etter skoletid.

### **Kvinner og vold i hjemmet**

En rapport om vold mot kvinner fra Women's Aid, en organisasjon som blant annet er statlig finansiert og som jobber med vold mot kvinner, skriver om «virkningen finansielle kriser har på økende vold i hjemmet.»<sup>5</sup> Dette er selvfølgelig ikke bare et irsk fenomen, men har vært underbygget av forskning i mange land over mange år. En rapport fra India i 2010 viser at «hovedtyngden av hjemlige konflikter, vold og depresjoner som er forårsaket av økonomiske problemer rammer i de fleste tilfeller kvinner og barn.»<sup>6</sup> Samme år argumenterte en talsmann for Young Women's Christian Association (YWCA/KFUK) i New England med at:

«selv om omstendighetene er ulike, når økonomien er anstrengt og dette øker diskusjonsnivået i familien, er det i alle fall en underliggende årsak når noen menns voldelige tendenser trigges. Dette bidrar også til at kvinner nøler med å forlate voldelige forhold.»<sup>7</sup>

Disse erfaringene er likedan i Irland, noe som en rekke informasjonsskriv fra Women's Aid viser. Et skriv fra november 2010 viser at resesjonen har redusert valgmulighetene for kvinner som opplever vold i hjemmet, mange kvinner forteller at de er fanget i

voldelige forhold:

«Krisesenter og støtteordninger har allerede blitt berørt av kutt i overføringene i 2009 og 2010. Det er umulig å fortsette å opprettholde samme nivå og kvalitet på tjenestene hvis det kommer ytterligere kutt.»<sup>8</sup>

### **Ikke tilslør problemene!**

Det er også en annen dimensjon i forbindelse med krisen, nemlig IMF/EUs såkalte redningspakke. Den finansielle krisen avslørte fasaden som skulle vise vår politiske selvstendighet fra EU og avslørte den interne underkastelsen under imperialismen. Påstanden om at «The Celtic Tiger» endret Irland slik at landet ble et av de rikeste i Europa, skjøt langt over mål. Selv om de fleste politikere omfavnet sosial samhörighet og dialog, ble Irland et samfunn med større forskjeller i årene med ekstrem økonomisk vekst.

Mens den samlede reallønnen økte fra 1987 til 1997, økte bedriftenes profitt med ca. 78 prosent i samme periode. Fra 1980 og inn på 1990-tallet falt andelen av nasjonalinntekten som gikk til lønninger fra 72 til 63 prosent, slik at «... andelen av nasjonalinntekten som går til lønninger på det nåværende tidspunkt er den laveste i Europa».<sup>9</sup>

Eksterne årsaker og markedskrefter får alt for ofte skylden for finanskrisen i Irland. Men, som vi vet, er markedskrefter slett ikke naturkrefter, selv om de kan fremstå som det. De reflekterer konsekvensene av klassesamfunnet og er ikke illusjoner. De kan ikke ønskes bort, og det kan heller ikke konsekvensene. Hvis vi ikke skjønner problemenes karakter, vil syklusen med kapitalisme i krise fortsette, og som i tidligere kriser vil dette fortsette å påvirke de fattige og spesielt kvinner mer enn andre. Historien har vist oss at under disse omstendighetene vokser avstanden mellom de som har og de som ikke har.

For irske arbeidere generelt og kvinner spesielt, har EUs rolle vært ødeleggende. Målet for spesielt Den europeiske sentralbanken har vært å beskytte engelske, franske og tyske banker mot tap påført under bankkrisen. Arbeidsløshet, fattigdom og vold er prisen irske kvinner tvinges til å betale for den finansielle stabiliteten på det internasjonale kapitalmarkedet.

*Les mer om EUs finanskriser i VETT nr 2 2011, som finnes på [www.neitleu.no](http://www.neitleu.no).*

**Noter**

- 1) Magdalena Sepúlveda Carmona, Report of the independent expert on the question of human rights and extreme poverty, FNs generalforsamling (17.05.11).
- 2) Ibid.
- 3) En uavhengig gjennomgang av lov og avtaleverk for regulering av arbeidslivet og arbeidsavtaler for lønnsfastsettelse, navngitt etter medlemmene Kevin Duffy, formann i arbeidsretten, og Dr Frank Walsh, University of Dublin.
- 4) European Anti Poverty Network Ireland. Women in Europe face greater risk of poverty and social exclusion. <http://www.eapn.ie/eapn/women-in-europe-deserve-a-better-deal>.
- 5) Women's Aid Briefing Paper on Domestic Violence Women's Aid: Everton House, Dublin. 25th November 2010.
- 6) S. Mohahakumar og Surjit Singh. IDSJ – Working paper – 155. Impact on economic crisis on workers in the unorganised sector in Rajasthan.
- 7) IANSA Women's Network 19.9.2011. <http://www.iansa-women.org/node/298>.
- 8) Informasjonsskriv fra Women's Aid om vold i hjemmet av 25. november 2010.
- 9) Wallace, J. P. Gunnigle & G McMahon (2004) Industrial Relations in Ireland, 3rd edition. Gill & Macmillan.

# Set livet på vent

**Krisetiltak i offentlig sektor raserer framtidige kvinnearbeidsplassar i Hellas. Følgjande er ein stemningsrapport frå euroens yttergrense hausten 2010.**

**Magnhild Folkvord**, medlem av kvinneutvalet i Nei til EU

– Barn? Nei, det får bli seinare, dette er ikkje tida for å stifta familie. Vi har utsett alt. Det er ille nok å bli nøydd til å flytta heim til foreldra og leva på dei når du er snart 30 år.

Fedra Kontou (28) er slett ikkje åleine i sin generasjon om å tenkja slik i Aten.

## Søyleberarar

Ho er heller ikkje åleine om å føla at ho ber ei tung bør. På Akropolis, sjølv symbolen på den greske kulturen, møter turistane seks staselege kvinnefigurar. Dei er karyatider, søyleberarar, og held oppe taket på Erekteion-templet som vart bygd vel 400 år før vår tidsrekning. Også i dag er det mykje som kviler tungt på dei greske kvinnene, som grunnpilarar i offentlig sektor og hovudansvarlege for omsorg i familiane.

Hausten 2008 slo finanskrisa inn, og den avslørte store hol i det greske skroget: Ei statsgjeld på 2400 milliardar kroner og eit underskott på statsbudsjettet på heile 12,7 prosent av brutto nasjonalprodukt, fire gonger meir enn EU-reglane tillet.

Sia har sparetiltak og nedskjeringar stått i kø. Ingen veit kor mykje av den økonomiske katastrofen som kan forklarast med korrupsjon og store summer som har hamna på private bankkonti utanfor Hellas.

## Arbeidsvillige

6. oktober møter Fedra Kontou fram i lag med mange

ynge kvinner og menn til ei markering utanfor det greske Finansdepartementet. I fleire timar står dei med eit banner og ventar på svar på når dei skal få starta på skatteekspertjobbane som dei har kvalifisert seg for. Godt polstra politifolk står klare, men demonstrantane er for fredelege til at det er bruk for dei.

I alt var det 877 godt utdanna kvinner og menn som passerte dei testane som trongst i eit program som starta i 2008 for å styrkja arbeidet med å avsløra skattejuks og anna triksing med offentlege pengar. Men når testen vel var passert, vart tilsetjinga utsett. Ingen av dei har enno komme i arbeid.

Vi sa opp gode jobbar, mange i større private selskap, for å få eit meir balansert liv med jobb i offentlig sektor, seier Efi Perokaki (29).

I dei store selskapa er arbeidsdagar frå kl 9 til kl 21 utan overtidstillegg ikkje uvanleg. Med dei nye jobbane i Finansdepartementet hadde dei grunn til å venta ein åtte timars arbeidsdag. Men så slo krisa inn, og no står dei utan jobb.

Noko svar frå Finansdepartementet kom heller ikkje denne dagen.

### **Lever på mennene**

Eit fleirtal av dei arbeidslause skatteekspertane er kvinner. Offentleg sektor har vore ein attraktiv arbeidsgivar for kvinner, ikkje minst fordi arbeidsvilkåra har vore noko betre regulerte der enn i privat sektor.

Offentleg tilsette i Hellas har fått tola store inntektskutt i løpet av 2010. Auka moms, budsjettkutt som har ført til nedlegging av barnehagar og auka elevtal i skoleklassane er nokre av dei andre sparetiltaka. Pensjonsalderen aukar frå 60 til 65 år for kvinner, og pensjonane blir reduserte.

Demonstrasjonen mot regjeringa sin krisepolitikk 7. oktober blir ikkje så stor som mange hadde håpa, men dei som møter fram, er engasjerte. Ei av dei vi møter er Olga Petroulia, med ei parole som seier «Vi er veldig

sinte, vi vil aksjonera mot alle sparetiltaka».

Ho har fått merka sparetiltaka. Ho har universitetsutdanning og ti års erfaring. 1. mars gjekk lønna hennar ned frå 1400 euro til 1100 euro i månaden. 800 euro går til privat førskole for tvillingane på 4,5 år. Offentlege barnehageplassar er mangelvare, og som følgje av krisa blir det enda færre. Petroulia er glad ho har ein mann med ei brukbar inntekt.

– Korleis dei greier seg, dei kvinnene som er åleine med barn, skjønner eg ikkje, seier ho.

### **Jobbjakt i Aten**

På arbeidskontoret i Pireos-gata i Aten står ei 56 år gammal kvinne i kø og håpar at det skal finnast ein jobb til henne. Dei siste tre åra har ho vaska tog. Men ho var ei av mange som berre hadde korttidskontrakt, og eitt av sparetiltaka regjeringa har innført, er å ikkje fornya tidsavgrensa kontraktar.

For denne kvinna er det mykje som står på spel. Om ho berre får arbeida i to år til, vil ho ha rett til å gå av med pensjon. Ikkje nokon gullpensjon, men iallfall ei fast inntekt. Arbeidsløysetrygda på 450 euro i månaden varar berre eitt år. Mannen hennar er alt pensjonist, med 600 euro (om lag 4800 NOK) i pensjon i månaden. 100 euro går kvar månad til medisin han treng fordi han har diabetes.

### **Samansett bilete**

Maria Karamessini, professor i sosialpolitikk, og ekspert på kjønn og arbeidsmarknad ved Panteion universitet i Aten, teiknar eit samansett bilete av arbeidsmarknaden i eit kriserammas Hellas.

Arbeidsløysa er mykje høgare for kvinner enn for menn, men det er ikkje nytt. Frå ein gjennomsnittleg arbeidsløyseprosent for kvinner og menn på 7,7 prosent i 2008, er det venta å bli om lag tolv prosent i 2010. I 2009 var den registrerte arbeidsløysa 6,9 prosent for menn og 13,1 for kvinner.

– Arbeidsløysa har auka raskare blant menn enn blant kvinner, det har å gjera med at krisa så langt har ramma hardest i bransjar som industri, bygg og anlegg. Den har også ramma varehandelen, der det både er kvinner og menn. Førebels er hotell og restaurant ikkje så hardt ramma. Kvinner har det vanskeleg på arbeidsmarknaden, men menn har det enda verre, seier Karamessini til Klassekampen.

Hellas hadde i 2009 den tredje lågaste yrkesdeltakinga blant kvinner i EU med 48,9 prosent blant kvinner i alderen 15 til 64 år, etter Malta (37,7 prosent) og Italia (46,4 prosent).

No er det ei mobilisering av kvinner som ønskjer å få jobb, men det er ikkje mogleg. Det er mange kvinner i alderen 30–65 år som melder seg på arbeidsmarknaden. Særleg dersom mannen blir arbeidslaus, er det mange kvinner som prøver å finna lønna arbeid. Om det lykkast, fører det i så fall til ekstra tunge bærer for kvinnene. Det skjer ei endring i fordelinga av det betalte arbeidet, men ikkje av det ubetalte. Kvinnene har framleis ansvaret for det arbeidet som skal gjerast i familien, seier Karamessini.

### **Kjem best ut**

Professoren peiker også på ein litt spesiell situasjon for innvandrarkvinnene på den greske arbeidsmarknaden. Medan innvandrarmenn er enda hardare ramma av krisa enn greske menn, har innvandrarkvinner så langt komme betre ut enn greske kvinner.

– Dette har å gjera med den kjønnsdelte arbeidsmarknaden. Innvandrarkvinner er for ein stor del syssette med husarbeid og privat eldreomsorg. Offentleg eldreomsorg finst knapt. Og så langt som ut 2009 var dei best stilte ikkje ramma av krisa. Dei hadde råd til å ha betalt hjelp til husarbeid og eldreomsorg som før, forklarar ho.

Men på litt sikt meiner professoren at det er kvinnene som blir dei store taparane som følgje av krisa. Ho

ser starten på ei langsiktig endring. Skilnadene mellom folk blir større. Dei som har vore mellomklassa, blir pressa nedover, medan dei rikaste held fram med å senda pengar utanlands.

– Det går føre seg ei proletarisering av høgt utdanna arbeidslause yngre folk. Offentleg sektor har vore den beste arbeidsplassen for kvinner, både for dei med middels og dei med høg utdanning. Offentleg sektor har sikra gode arbeidsvilkår, seier ho.

60 prosent av dei som fullfører høgare utdanning, er kvinner. Når det no både blir dramatisk færre jobbar i offentlig sektor og lønnene blir reduserte, får dette ein dominoverknad. Dei som før hadde råd til å betala for hjelp i huset, reduserer eller kuttar heilt ut slik betalt hjelp.

– Resultatet vil bli færre jobbar for dei kvinnene som har hatt desse jobbane, og større arbeidsbør for dei kvinnene som må gjera sjølve det dei ikkje lenger har råd til å betala andre for, forklarar ho.

Dette rammar også dei som har familiemedlemmer som er innlagde i sjukehus. Det greske offentlege sjukehusstilbodet omfattar medisinsk hjelp, men ikkje pleie. Den som er sjukehuspasient, er avhengig av anten å betala for privat pleiepersonale, eller av at nokon av familien kjem og tar seg av vasking og anna stell.

Også før krise måtte kvinner frå låginntektsgruppene utføra pleiearbeid for familiemedlemmer på sjukehus. No blir det enda verre, seier professoren.

### **Tar tidlegpensjon**

Karamessini peiker på korleis summen av innsparings-tiltaka gjer at det også blir mangel på kvalifisert personale i offentlig sektor: Pensjonsreforma har ført til at 30–40.000 offentlig tilsette har gått av med pensjon i år for å kunna bruka den retten dei har etter gammal pensjonsordning. Dei blir ikkje erstatta i år. For 2011 er planen å erstatta ein av fem. Godt utdanna unge folk har berre fått tidsavgrensa kontraktar, og slike



kontraktar blir ikkje fornya. All betaling for overtid er stansa.

### **Mindre kjøpekraft**

Eit synleg utslag av krisa er dei mange ledige butikklokala i Aten. Mindre kjøpekraft fordi folk er arbeidsause eller har fått redusert lønna si, har følgjer for varehandelen. Mange har mindre pengar å kjøpa for. Skilt med «Enoikiazetai» (til leige) og utstillingsvindauge utan utstillingar er det mange av. I det eg skal ta bilete av nokre slike, kjem ein mann som fortel at han er «security officer» og spør kva eg driv med. Eg seier eg er journalist, og at eg tar bilete av ledige lokale.

– Eigarane liker ikkje det, seier mannen. At eg ikkje veit kven dei er, og at eg ikkje har tenkt å blanda dei inn, hjelper ikkje. Dei liker det ikkje likevel, meiner vaktmannen.

### **Meir utrygge jobbar**

Dei mest målbare tiltaka som trugar arbeidsplassane er gjort i offentleg sektor, men det hindrar ikkje at det er stor uvisse i privat sektor. Ei ny lov har fjerna oppseiingstida. Folk kan bli sagde opp på dagen. Det er i seg sjølv nok til å gjera mange utrygge.

Alle har høyrte om nokon som har mista jobben. Kvinner som søker jobb, blir spurde om dei har tenkt å få barn. Somme må skriva under på at dei iallfall ikkje skal ha barn i løpet av dei to første åra.

Alexandra Kouki (43) hadde jobba 16 år i same firmaet da ho vart gravid. Det vart komplikasjonar og spontanabort, ho var sjukmeld i seks veker. Fire månader seinare var ho sjukmeld i fem dagar. Da fekk ho skriftleg melding heim om at ho var oppsagd frå jobben. Ho tok saka til retten, og fekk støtte i at ho skulle ha jobben tilbake, men firmaet sa nei. Dei forhandla seg ut av situasjonen med å gi henne ein erstatningssum.

– Dei prøvde å konstruera bevis for å få det til at eg

gjorde ein dårleg jobb. Mitt inntrykk var at dei ville kvitta seg med ei kvinne som kunne tenkjast å få barn, seier Kouki.

Ho søkte andre jobbar, og fekk spørsmål om hadde planar om å få barn.

– Når eg svarte ja, var eg uaktuell. Desse spørsmåla vart ikkje stilt tidlegare, no høyrer vi om det heile tida, seier ho.

Fødselspermisjonen i Hellas er frå to til fire månader, avhengig av tidlegare tilsetjingsforhold.

### **Tre jobbar**

Kleio Aspioti (31) har jobba i kosmetikkbutikk, forsikring, sal og som engelsklærer. No har ho tre jobbar for å få ei brukbar inntekt. Den siste engelsklærarjobben i ein privatskole slutta da sommarferien starta. Ho fekk vita at ho kanskje kunne bli tilsett på nytt frå september.

– Eg treng lønn heile året, seier ho.

No lagar ho kaffi i ein kafé frå klokka 8 til 16 måndag til fredag, åtte timar laurdag og søndag i ein annan kafé, og gir privatundervisning i engelsk fire kveldar i veka.

Eg prøver å finna noko anna, men det er ikkje mykje som freistar. Eitt tilbod eg fekk var ein sekretærjobb til 850 euro i månaden. Det skulle vera åtte timars arbeidsdag, men i tillegg skulle eg vera «stand by» utan ekstra tillegg heile kvelden. Dei skulle ikkje bry seg med kva eg gjorde i fritida, berre eg kunne stilla opp for jobben på ein times varsel når det var bruk for det, fortel ho.

### **Jobben viktigare enn lønna**

Alexandra Slobodhin (45) frå Ukraina kom til Hellas som Tsjernobyl-flyktning i lag med dei to barna sine for ti år sia.

– Etterverknaedene av Tsjernobyl-ulykka var så skadelege for ungane si helse at vi måtte flytta, fortel ho.

Mannen vart att i Ukraina, og ho har hatt eianeansvar for ungane sia ho kom til Hellas.

Hellas aksepterte ikkje dei papira frå Ukraina som dokumenterte ungane sine helseproblem. I utgangspunktet var ho ein illegal innvandrar. Dei tre første åra sleit ho hardt med opptil 20 timars arbeid per dag, som reinhaldar, kokk og oppvaskar - utan forsikring og trygderettar.

Slobodhin tar seg tid til å gi ein kortversjon av ti strevsame år medan ho heile tida held auge med nye kundar og pendlar mellom kaffimaskinen og ein ledig krakk i kafeen sentralt i Aten, der ho no har jobba i fleire år.

Med hardt arbeid har ho klart å kjøpa hus til seg og ungane. Dottera er universitetsstudent, sonen har eitt år att på vidaregåande skole.

Slobodhin har fått stadig meir ansvar for drifta av kafeen. Ho trivest, og er godt likt av kundar og nabo-lag. Arbeidsdagen startar kl 8.30 og varar til kl 19, seks dagar i veka.

– Tidlegare var det snakk om å auka lønna, no høyrer eg berre at «vi har ikkje råd». Dei seier at med krisa kan dei finna nokon som er rimelegare. Kanskje har eg ikkje jobb i morgon, seier ho.

Ho har betalt 2000 euro for å søkja permanent opphald, slik det krevst etter ei ny lov, men har ikkje fått svar. Kanskje må ho betala 600 euro for neste ledd i søknadsprosessen før ho kan bli gresk borgar.

– Dersom arbeidsløysa aukar for grekarane, kva hender da med immigrantar? Eg er redd. Vi bryr oss ikkje lenger om kva vi tener, det viktigaste er å ha arbeid, seier Slobodhin.

## **Mannsdominans**

Efi Bekou er leiar for ein organisasjon som har som mål å styrkja kvinners situasjon gjennom det politiske systemet. I leiinga for organisasjonen sit både kvinner som representerer dei tre største partia og individuelle

medlemmer. Akkurat no er Bekou opprørt over førebuingane til lokalvalet 7. november. Til leiarposisjonane i dei 13 regionane har dei lokale avdelingane av regjeringspartia ikkje nominert ei einaste kvinne.

– Dette har sjølv sagt med krisa å gjera. No tenkjer dei at vi har så store og alvorlege problem å hanskast med, at dette med kvinnerepresentasjon, det får venta til seinare. Konsekvensen blir at menn styrer i alle lokalpolitiske saker, sosiale forhold og andre følgjer av krisa, seier Bekou.

– Greske kvinner må interessera seg for politikk. Deltar dei ikkje der avgjerdene blir tekne, vil resultatata heller ikkje bli bra for kvinner, legg ho til.

### **Kvar er kvinnerørsla?**

Fotini Sianou, ein erfaren feminist som kjem frå venstresida, har mista trua på dei fleste politakarane.

– Dei store partia – Pasok (sosialdemokratane) og Nytt Demokrati (konservative) – spelar eit maktspel, kommunistpartiet held fram som om ikkje noko har hendt, og det nye venstre er så fragmentert at det er latterleg, seier Sianou til Klassekampen.

Ho meiner dei mest lovande er Dei grøne (Grøne økologar). Dei er ikkje i parlamentet, men har ein representant i EU-parlamentet.

– Dei grøne er negative til Det internasjonale pengefondet (IMF), og dei har eit kjønnsperspektiv, seier ho.

Men er det berre eit spørsmål om å interessera seg for politikk? Demonstrasjonen som ADEDY, fagorganisasjonen for dei offentleg tilsette, arrangerte 7. oktober, på same tid som det var ein dags generalstreik i protest mot regjeringa sine sparetiltak, samla ikkje meir enn kanskje 1500 deltakarar, medan minst 150 politifolk var på plass framfor parlamentet der demonstrasjonen vart avslutta.

– Eg skulle gjerne gjort noko for å endra situasjonen, eg veit berre ikkje kva, seier ei av skatteekspertane

som ventar på jobb i Finansdepartementet.

Antigoni Karali-Dimitradi, visepresident i Den sosialistiske kvinneinternasjonalen, er heller ikkje særleg optimistisk.

– Kvinnene betaler den høgste prisen for krisa. Eg skulle ønskja vi hadde ei ny kvinnerørsle, eg ville vore ein del av den. Men eg kan ikkje sjå den, og kan berre spørja kvifor, seier Karali-Dimitradi.

Marina Bresta (29), utdanna ingeniør og politisk aktiv på venstresida, saknar også ei aktiv kvinnerørsle. Ho meiner lokalvalkampen fram mot 7. november er eit høve til politisk mobilisering.

– Så mykje er utrygt. Eg har jobb, men ingen kan vita kor lenge den varar. Ei venninne mista jobben i førre veka, og vi ser at arbeidsgivarane har ein tendens til å prioritera menn til ledige jobbar. Menn har ti grunnar til å slåst, vi har tjue, seier ho.

På Akropolis går det føre seg eit samanhengande arbeid med å restaurera både gudar og gudinner, søyler og tempeltak. Ein liknande renovasjon av den greske økonomien er ikkje berre varsla, men kravd av EU og Det internasjonale pengefondet som vilkår for lån på 110 milliardar euro over tre år. Kor tung børa blir for kvinner og menn på grasrota, er det enno ingen som veit.

*Artikkelen stod på trykk i Klassekampen 23. oktober 2010*

# Likestilling i EUs utenrikspolitikk

**Hva betyr det i praksis når EU sier unionen skal fremme likestilling gjennom internasjonale avtaler og medlemskapsforhandlinger?**

**Av Helle Hagenau**, internasjonal leder i Nei til EU

«Innenfor rammene av sine politikker kan EU i vesentlig grad påvirke prosessen med å fremme likestilling og styrke kvinners innflytelse og status i hele verden.»<sup>1</sup>

Sitatet er hentet fra EU-kommisjonens likestillingsstrategi 2010-2015. Kommisjonen uttrykker seg i romslige ordelag når det gjelder deres bidrag til en mer likestilt verden, noe som henger sammen med en styrket posisjon internasjonalt.

Med Lisboatraktaten som trådte i kraft 1. desember 2009 fikk EU en mer helhetlig utenrikspolitikk. EU har fått sin første utenriksminister, baronesse Cathrine Ashton, det skal bygges et eget diplomatkorps og felles ambassader, og man vil utvikle en felles sikkerhetspolitikk som kan lede til et felles forsvar. EU har også blitt en juridisk person, og det betyr at EU selv kan undertegne internasjonale avtaler.

## En felles stemme

I mai 2011 fikk EU talerett i FN og rett til å fremme forslag og endringsforslag på FNs generalforsamling. Den nye status i FN betyr at både utenriksminister Ashton og EU-president van Rompuy kan tale på vegne av EU, men den gir ikke EU mulighet til å stemme i FN. Det får heller ikke noen konsekvenser for Sikkerhetsrådet hvor EU-landene Storbritannia og

Frankrike er permanente medlemmer. Før mai måned var det kun EU-formannskapslandet som kunne tale på vegne av EU. Da ordningen fortsatt er helt ny er det for tidlig å si noe om hvilke konsekvenser den vil få for EU-landenes handlefrihet i FN-systemet, men det skal bli spennende å følge høstens generalforsamling i FN.

Det er et uttalt mål for EU å bli en ledende aktør i verden, og det har blitt brukt betydelige ressurser på dette formålet. EU-kommisjonen mener selv<sup>2</sup> at den har hatt betydelig suksess med å fremme EUs rolle i eksterne relasjoner, å følge opp internasjonale forpliktelser og med å fremme likestilling i utviklingsspørsmål og samarbeid, spesielt innen bistand og eksterne handelsforbindelser.

EU har tatt store steg mot en statsdannelse i de snaue to årene som har gått siden Lisboatraktatens ikrafttredelse.

### **Likestillingsstrategien**

Et av fem satsningsområder i likestillingsstrategien er «Likestilling mellom kjønnene i forbindelse med foranstaltninger i forhold til tredjeland ». Det handler om kandidatlandene, naboskapsavtaler, handelsavtaler, bistand, FN, internasjonale organisasjoner og mye mer. EU-kommisjonen har listet opp fire nøkkeltiltak:

1. Overvåke og bidra til at Københavnkriteriene for søkerlandenes tiltredelse av EU på området likebehandling av kvinner og menn overholdes, og bistå landene på det vestlige Balkan og Tyrkia med å gjennomføre og håndheve lovgivningen.
2. Gjennomføre EU-handlingsplanen om likestilling og styrking av kvinners innflytelse og status i utviklingssamarbeidet (2010-2015).
3. Fortsette med å tilskynde partnerlandene i den europeiske naboskapspolitikk til å fremme likestilling mellom kjønnene via en løpende politisk dialog og utveksling av erfaringer, og ved å undersøke mulighetene for støtte innen for rammene av det

europæiske naboskaps- og partnerskapsinstrument.  
 4. I ennå høyere grad innarbeide kjønnsdimensjonen i EUs humanitære bistand. Vi skal i det følgende gjennomgå de ulike tiltakene.

### **Kandidatland**

Kandidatlandene er de land som har søkt om EU-medlemskap. I skrivende stund dreier det seg om Island, Tyrkia, Kroatia, Montenegro og Makedonia. Alle landene skal implementere Lisboa-traktaten i sine nasjonale lovgivninger, oppfylle artikkel 49 i Traktaten om Den europeiske union og tiltre de såkalte Københavnkriterier, vedtatt i desember 1993.

Artikkel 49 handler om kriterier og prosedyre for tiltredelse til EU. Den innledes slik:

«Enhver europeisk stat, som respekterer verdiene i artikkel 2 og forplikter seg til å fremme dem, kan søke om å bli medlem av EU».

Av verdier nevnes blant annet likestilling mellom kvinner og menn, respekt for menneskerettighetene og ikke-forskjellsbehandling.

Københavnkriteriene innebærer at et kandidatland skal:

- Ha stabile institusjoner, som sikrer demokrati, rettstat, menneskerettigheter og respekt for og beskyttelse av mindretall.
- Ha en fungerende markedsøkonomi og kunne klare konkurransepresset og markedskreftene innenfor EU.
- Være i stand til å påta seg forpliktelsene ved medlemskap og blant annet tilslutte seg målet om en politisk, økonomisk og monetær union.

EU-kommisjonen vil overvåke og bidra til at Københavnkriteriene på området likebehandling av kvinner og menn overholdes, og bistå landene på



det vestlige Balkan og Tyrkia med å gjennomføre og håndheve lovgivningen.

### **EUs handlingsplan om likestilling og styrking av kvinners posisjon i utviklingssamarbeidet**

Denne handlingsplanen er EUs plan for å oppfylle FNs tusenårsmål angående likestilling mellom kvinner og menn, og gjelder for perioden 2010-2015. Planen ble vedtatt 14. juni 2010 på rådsmøte for utenriksministrene, og finnes i et bilag til et bilag til protokollen<sup>3</sup> fra dette møtet. EU-kommisjonen har utarbeidet et eget dokument om emnet<sup>4</sup>.

Handlingsplanen inneholder 9 spesifikke mål, 37 foranstaltninger og 53 indikatorer. Det er en ambisiøs plan, som krever en stor innsats fra alle involverte parter og en stor sum penger dersom den skal lykkes. Det satses både på å integrere kjønnsaspektet i ulike politikkområder (mainstreaming) og på spesifikke tiltak.

EU-kommisjonen innrømmer selv at det tidligere ikke har vært satt av nok penger til å gjennomføre tiltakene i tidligere handlingsplaner. Vi får håpe at dette endrer seg med inneværende handlingsplan. Det legges også opp til et samarbeid med FN, Den Afrikanske union og organisasjoner i andre regioner i Amerika, Afrika og Asia. Kontakt med og oppbygging av organisasjoner i sivilsamfunnet har blitt oppprioritert da EU-kommisjonen erkjenner at disse er viktige hvis man vil være suksessrik.

### **Den europeiske naboskapspolitikk**

Den europeiske naboskapspolitikk (ENP)<sup>5</sup> ble lansert i 2004 med de landene som grenser opp til EU. Målet er å fremme velstand, stabilitet og sikkerhet i disse landene og ved EUs grenser. Følgende land deltar i ENP: Algerie, Armenia, Aserbajdsjan, Egypt, Georgia, Hviterussland, Israel, Jordan, Libanon, Libya, Moldova, Marokko, Palestina, Syria, Tunisia

og Ukraina.

ENP handler om vanlig samarbeid, handelsavtaler, dypere økonomisk integrasjon, økt mobilitet og økt kontakt mellom folk. Det utarbeides en handlingsplan mellom EU og hvert enkelt land som lister opp politiske og økonomiske reformer innenfor en 3-5 års periode. Mange av handlingsplanene nevner trafficking, vold mot kvinner og økt deltakelse av kvinner i politikk og på arbeidsmarkedet.

For å illustrere hva en handlingsplan kan inneholde har jeg tilfeldig valgt ut Libanon. I handlingsplanen er det listet opp flere tiltak innen likestilling på områdene: Reform av valglover og valgsystem, beskyttelse av kvinners og barns rettigheter, arbeidsliv og handel med kvinner og barn (trafficking). Et par eksempler på tiltak er:

- En strategi for reform av systemet for politisk representasjon, inklusiv en bra («fair») representasjon av kvinner.
- Fremme kvinners deltakelse i politikk, økonomi og det sosiale liv, og i politiske beslutningsprosesser.
- Fremme likestilling i arbeidslivet og trappe opp kampen mot kjønnsbasert vold.
- Forsterke kampen mot trafficking.

### **Liten fremgang for kvinners deltakelse**

EU-kommisjonen utarbeider en rapport over utviklingen, både i de enkelte land og en sektorvis i alle land. De seneste rapportene er fra mai 2011 og oppsummerer 2010. Den 71 sider lange sektorvise rapport om 2010<sup>6</sup> omhandler en lang rekke politikkområder, men ikke et eget kapittel om likestilling.

Rapporten har følgende bemerkninger i relasjon til kvinner:

- Kvinners deltakelse i økonomisk og politisk liv viste liten fremgang.
- Den høyeste andelen kvinnelige kandidater i

libanesiske lokalvalg (8,2 prosent) er et velkomment tegn på forbedring.

- Egypt arrangerte skolering av kvinnelige ledere.
- Libanon, Tunisia og Marokko hadde fokus på å stoppe vold i hjemmet.
- Alle land, utenom Marokko, har undertegnet og ratifisert FN-protokollen om trafficking.
- Adgang til videregående utdanning og opplæring, spesielt for kvinner, er presserende bekymringer.

### **Den europeiske konsensus om humanitær bistand**

Den europeiske konsensus om humanitær bistand<sup>7</sup> er EUs visjon på det humanitære bistandsområdet i tredjeland. Målsetningen for EUs humanitære bistand er å yte en behovsbasert innsats i nødssituasjoner med det formål å bevare liv, hindre og lindre menneskelige lidelser og bevare menneskelig verdighet.

Dokumentet er delt inn i to deler; den første delen omhandler EUs visjon for humanitær bistand og den andre delen det europeiske fellesskapet og humanitær bistand. Første delen lister opp prinsipper for arbeidet, koordineringen av innsatsen og så videre. Det er henvisninger til sentrale FN-tekster, og EU mener at FN skal spille en sentral rolle og stå for den overordnede koordineringen.

I første del finnes også et eget avsnitt om kjønnsaspektet i humanitær bistand. EU understreker betydningen av at kjønnsaspektet integreres i humanitær bistand og at kvinner deltar aktivt i humanitær bistand. EU forplikter seg til å fremme kvinners deltakelse og er oppmerksom på kvinners spesifikke behov.

Den andre delen om det europeiske fellesskapet og humanitær bistand er en lang forsvarstale fra EU-kommisjonens side for å rettferdiggjøre deres innsats og betydningen av deres rolle. I tillegg er det

er par setninger om betydningen av å utarbeide en overordnet EU-politikk på dette området.

### **Oppsummering**

Det er selvfølgelig bra at EU ønsker å fremme likestilling mellom kvinner og menn. Vi har dog ikke helt så store tanker om EUs betydning og innsats, som de selv har. Når EU-kommisjonen skriver at EU i vesentlig grad kan påvirke prosessen med å fremme likestilling og styrke kvinners innflytelse og status i hele verden, mener vi at de skyter over målet. I de aller fleste tilfellene er flere rettigheter og økt status for kvinner et resultat av flere tiårs kamp og at kvinnebevegelsen ikke på noe tidspunkt har gitt opp. Varige endringer kommer som oftest nedenfra.

Likestillingsaspektet krever konstant oppmerksomhet og at det står makt bak de foreslåtte tiltakene. Med én gang blikket flytter seg, forsvinner oppmerksomheten og likestillingspolitikken havner bakerst i køen, selv i Norge.

Derfor er det også beklagelig at likestillingsaspektet ikke får spesialbehandling i forhandlingene med søkerlandene. Det er blott et aspekt, eller en politikk som skal gjennomføres på linje med andre politikker.

Det samme er tilfellet med de europeiske naboskapsavtalene. I en ellers omfattende rapport som dekker alt fra transport, over forskning og til justispolitikk, har ikke likestilling et eget kapittel. Og når de oppnådde resultatene til og med er så svake, burde det være ekstra stor grunn til å ha økt oppmerksomhet på dette emnet.

Dokumentet Den europeiske konsensus om humanitær bistand bygger på mange gode og riktige prinsipper, men kjønnsaspektet er dessverre nesten fraværende i teksten. Noe EU-kommisjonen for så vidt også erkjenner da den ønsker at kjønnsdimensjonen skal innarbeides ytterligere i det humanitære bistandsarbeidet.

Den nåværende strategien for likestilling mellom kvinner og menn 2010-2015 er i sin oppstart, og det er derfor for tidlig å uttale seg om hvilken effekt den eventuelt vil få.

*Alle oversettelser står for forfatterens regning. Lisboa-traktaten er oversatt fra dansk da den ennå ikke finnes i offisiell norsk oversettelse.*

**Noter**

- 1) KOM(2010) 491 endelig.
- 2) SEC(2010) 1080 final.
- 3) Pressemelding fra Rådet for Den europeiske union (14.06.10), [http://www.consilium.europa.eu/uedocs/cms\\_data/docs/pressdata/DA/foraff/115993.pdf](http://www.consilium.europa.eu/uedocs/cms_data/docs/pressdata/DA/foraff/115993.pdf)
- 4) KOM(2007) 100.
- 5) European Commission: European Neighbourhood Policy, [http://ec.europa.eu/world/enp/index\\_en.htm](http://ec.europa.eu/world/enp/index_en.htm)
- 6) SEC(2011) 645.
- 7) EUT C25 30.1.2008, s. 1.

# Union med forviklinger

**Hvordan formes EUs likestillingspolitikk? Og hva skjer når denne settes ut i live? Følgende er et brokete utvalg eksempler.**

**Av Marianne Granheim Trøyflat**, informasjonsrådgjevar i Nei til EU

## Kvinner på børs

EU-parlamentet vedtok i juni 2011 at de ønsker 30 prosent av styreplassene i børsnoterte selskap i EU besatt av kvinner innen 2015. Lista må ligge enda høyere i 2020, da kvinnene skal utgjøre 40 prosent i selskapenes styre. EU-kommisjonen får en sterk oppfordring om å få fortgang i regelverket. Kommisjonen har meddelt at den etter drøftelser med børsnoterte selskaper vil komme med forslag til lovgivning neste år.

For tiden er 10 prosent av styremedlemmene i EUs største børsnoterte selskaper kvinner, og kun tre prosent er styreledere. Den kjønnsbestemte lønnsforskjellen er fortsatt på 17,5 prosent for EU som helhet, noe som også gjelder for ledende stillinger. Den nåværende situasjonen utvikler seg veldig langsomt eller nesten ikke i det hele tatt.

I debatten ble det blant annet vist til Norges klare forbedring for kvinnerepresentasjonen i næringslivet etter at kvinnekvoten i børsnoterte selskap ble fastsatt ved lov i 2003. Tross heftige debatter, også her i Norge, kunne Stortinget gjøre et slikt lovvedtak, uten å vente på andre instanser. Langt mer demokratisk og definitivt mer effektivt enn EUs spede forsøk på å få kvinner inn i styrerommene.<sup>1</sup>

## Barsel til besvær

EU sliter med å komme til enighet om felles regler

for barselpermisjon. EU-parlamentet har foreslått for medlemslandenes arbeidsministre å utvide den eksisterende minimumsgrensen på 14 ukers betalt fødselspermisjon til 20 uker. Dette har så langt falt i dårlig jord, og 11 land, blant annet Danmark, har dannet felles front mot forslaget. Gruppen mener forslaget går alt for vidt, og at det langt fra er noen god idé å gi en garanti på 20 ukers barsel med full lønn på et tidspunkt der den økonomiske situasjonen er så ustabil.

Men danskene er ikke enige seg imellom. Den sosialdemokratiske EU-parlamentarikeren Britta Thomsen er opprørt over at den danske regjeringen går imot forslaget. I tillegg viser en spørreundersøkelse foretatt av EU-parlamentet at 80 prosent av danskene går inn for å innføre 20 ukers betalt barsel. Mulig likestillingen hadde gått raskere om EU aldri hadde gått inn i dette spørsmålet.<sup>2</sup>

### **Norge hakket foran**

Fra 21. desember 2012 får ikke forsikringsselskapene lenger lov å bruke kjønn som faktor når de beregner risiko – og dermed hva du må betale for forsikringen. Det er konklusjonen i en avgjørelse EU-domstolen fattet i mars 2011. Gjennom EØS-avtalen blir dommen også gjeldende i Norge.

Egentlig ble all diskriminering mellom kjønn ved kjøp av varer og tjenester forbudt i EU etter EU-direktiv 2004/113/EC fra og med 21. desember 2007. Men dette direktivet tillot overgangsperioder for å gjennomføre likhetsbehandlingen. Og det åpnet for unntak i noen år dersom statistikk virkelig kunne dokumentere ulik risiko.

I Norge har likestillingsarbeidet ligget litt foran. Fra 2004 ble det forbudt å skille mellom kjønn i skade- og ulykkesforsikring. Ungguttene som til da betalte dobbel så høy bilforsikring som jenter i samme alder, har nå samme premie – trass i at de står for mange flere ulykker.<sup>3</sup>

## Svensk skeivfordeling

Landsbygdprogrammet er en støtteordning for distriktsutvikling i Sverige. EU står for halvparten av prosjektmidlene, den svenske staten for resten. Skåne har en pott på en halv milliard til utdeling, men foreløpig er det menn som har karret til seg brorparten. I 2008 og 2009 gikk 90 prosent av pengene til menn, på tross av at det å fremme kvinnelige gründere er et uttalt mål med programmet. En fjerdedel av foretakene på den svenske landsbygda drives dessuten av kvinner. Henrik Andersson, enhetssjef på Länsstyrelsen som fordeler pengene i Skåne, hevder mye av forklaringen ligger i organiseringen av foretakene.

– Det er mange familieforetak. Der står mannen som eier og dermed forsvinner kvinnene ut av statistikken, mener han.

La oss håpe EU har noen planer for hvordan kvinnene skal dukke opp i statistikken igjen.<sup>4</sup>

## Tysk vri

Norge ble dømt av EFTA-domstolen i 2003 for ordningen med øremerking av vitenskapelige stillinger for kvinner. Det finnes flere lignende saker fra EU-domstolen som viser tilsvarende praksis, blant annet Abrahamsson-saken i 2000, der Sverige ble dømt for kjønnskvoltering ved ansettelser i svensk akademia. EUs likebehandlingsdirektiv hadde som utgangspunkt at positiv særbehandling av kvinner var mulig, men det er gjennom rettspraksis slått fast at vilkårene for dette er strenge (se side 6-13).

I Schnorbus-saken fra 1999, derimot, ble det slått fast at en automatisk fortrinnsrett for jurister som hadde avtjent verneplikt var godtatt etter EU-retten. Fortrinnsretten gjaldt stilling som referendarer/dommerfullmektig i delstaten Hessen i Tyskland. EU-domstolen innrømte at dette var å se på som indirekte forskjellsbehandling til fordel for menn, men mente likevel ikke det var grunnlag nok for å forby ordningen. Hensikten var å kompensere for forsinket studieløp og dette måtte ses på som grunn god nok.<sup>5</sup>



## EU tar – og gir litt tilbake

EU har en rekke fond som medlemslandene tildeles midler fra. Blant annet er det satt av store pengesummer til motarbeiding av vold mot kvinner, og det er laget et større handlingsprogram rundt dette ved navn Daphnei. Selvsagt en vanskelig sak argumentere imot, men noen ville nok spurt seg hvorfor pengene overhodet trenger å ta veien om EU-systemet.<sup>6</sup>

Magnhild Folkvord, journalist i Klassekampen, var i Hellas i oktober 2010, og så blant annet på hvordan arbeidet med greske krisesentre påvirkes av EU-midlene. Folkvord skriver:

«Ulike kvinner eg snakka med da eg var i Hellas var urolege for at den økonomiske krise skulle føra til meir vald mot kvinner.

– Tiltak mot vald mot kvinner vil ha høg prioritet, vi veit at det er sterke grunnar til å frykta auka vald mot kvinner som følgje av krise, sa Maria Stratigaki, ansvarleg for likestillingspolitikk i det greske justisdepartementet.

Noko av det første Stratigaki oppdaga da ho starta i jobben i november 2009, var 30 millionar euro frå EU som skulle brukast til tiltak mot vald mot kvinner i perioden 2007 til 2013. Frå 2007 til 2009 var ingenting brukt.

På same tid som likestillingsavdelinga i justisdepartementet arbeidde med planane for krisesentra som framstod som ei gåve frå EU, demonstrerte folk i gatene i Aten mot verknadene av krise, mot både den greske regjeringa og EU si handtering av krise. Dei 30 millionane euro som Hellas kan få til krisesenter-liknande tiltak, står dermed att som berre ein bitte liten del av den EU-kontingenten Hellas har betalt inn.

Og det kan vera verd å merka seg at krisesenter-pengane på ingen måte kom av seg sjølv. Det er eit krav om medfinansiering på 15 prosent frå nasjonalt

hald for å få brukt dei. Og det er mykje papirarbeid som skal til, med dokumentasjon av planar og gjennomføring.»

**Noter**

1) Kilde: Frifagbevegelse.no 11.07.11,

<http://www.frifagbevegelse.no/arbeidslivet/article5667508.ece>

2) Kilde: Folketidende.dk 16.06.11,

<http://folketidende.dk/kvinder-ma-kigge-langt-efter-mere-barsel>

3) Kilde: Abcnyheter.no 01.03.11,

<http://www.abcnyheter.no/nyheter/110301/na-bli-det-unisex-i-forsikring>

4) Kilde: sverigesradio.se 16.02.11,

<http://sverigesradio.se/sida/artikel.aspx?programid=96&artikel=4352327>

5) Kilde: Anne Hellum og Ruth Nielsen (2002). «Menneskerettighetene og EØS-retten på kollisjonskurs? Om adgangen til å øremerke professorater og postdoc-stipend ved UiO».

6) [http://ec.europa.eu/justice\\_home/daphnetoolkit/html/europe\\_violence/dpt\\_europe\\_violence\\_en.html](http://ec.europa.eu/justice_home/daphnetoolkit/html/europe_violence/dpt_europe_violence_en.html)

# Kvinner på jakt etter makt

**Kva kjønn som er hardest råka av eurokrisa, har statistikken fleire svar på. Men at mannfolka sit med makta til å løyse henne, er det liten tvil om.**

**Marianne Granheim Trøyflat**, informasjonsrådgjevar i Nei til EU

Det viser seg at kvinner gjennomgåande er underrepresenterte i politikk og næringsliv i EU-landa. Særleg høgt i avgjerdsprosessen fell kvinnene ifrå, trass i at halve arbeidsstokken og meir enn halvparten av dei nyeksaminerte studentane er kvinner<sup>1</sup>.


## Styrende organ

Når det gjeld politiske organ, var 24 prosent av parlamentsmedlemmane i EU-landa i 2010 kvinner<sup>2</sup>. Ein finn store variasjonar mellom medlemslanda, frå under 15 prosent i Irland, Ungarn og Romania, til over 40 prosent i Nederland og Sverige. I næringslivet var kvinner representert med tretti prosent av direktørstillingane, i dei største private selskapa var berre elleve prosent av styremedlemmane kvinner<sup>3</sup>. Per februar 2009 hadde EU-landa heller ingen kvinnelege sentralbankleiarar<sup>4</sup>.

Det blir elles gitt ut jamnlege rapportar om representasjon av kjønna i styrande organ<sup>5</sup>. På EU-nivå melder Kommisjonen for sysselsetjing, sosialsaker og inkludering at per juli 2011 er 33 prosent av medlemmane i EU-kommisjonen er kvinner, 35 prosent av medlemmane i EU-parlamentet og berre 22 prosent av dommarane i EU-domstolen.

Noreg ligg noko betre an enn EU på dette punktet. Vi har 39,6 prosent kvinner i Stortinget (etter valet 2009), 50 prosent i regjeringa, 42,1 prosent av

medlemmane i Høgsterett (2010) og sentralbanksjefen er ein mann. På grunn stortingsvedtak er 40 prosent av styremedlemmane i alle statlege selskap kvinner. Det tilsvarande talet i EU-27 er 3 prosent.



### Yrkesdeltaking

Det er stor skilnad på yrkesdeltakinga blant kvinner og menn i EU. Følgjande viser sysselsetjingsprosenten for folk i arbeidsfør alder, samanlikna med Noreg (2010)<sup>6</sup>:

	<b>EU-27</b>	<b>Noreg</b>
Kvinner	62,1	76,9
Menn	75,1	82,1
Generelt	68,6	79,6

Menn ligg altså 13 prosentpoeng høgare enn kvinner i EU, i Noreg er dette redusert til 5,2. Skilnadene er likevel store, også mellom EU-land. I Italia er 49,5 prosent av kvinnene sysselsett, i Hellas 51,7 og i Spania 55,8. Sverige, Danmark og Tyskland derimot, ligg på høvesvis 75,7 prosent, 73,1 og 69,6.

### Arbeidsløyse

Mange kvinner i EU-landa står utanfor arbeidsstokken, og har av ulike grunnar valt å ikkje ta løna arbeid. Men mange ønskjer også arbeid utan å få det, og historisk sett har dette oftare vore tilfelle for kvinner enn menn. I 2000 var 10 prosent kvinner arbeidsledige, medan berre 8 prosent menn kom i den kategorien. I 2010 derimot, utgjorde menn eit knapt fleirtal av

dei 9,6 prosent arbeidsledige i EU. Følgjande viser arbeidsløyseprosenten for folk i arbeidsfør alder, samanlikna med Noreg<sup>7</sup>:

	<b>EU-27</b>	<b>Noreg</b>
Kvinner	9,6	3,0
Menn	9,7	4,0
Generelt	9,6	3,5

Finanskrisa spelar openbart inn her. Alt i alt har menn så langt vore hardare råka enn kvinner på grunn av overrepresentasjonen i økonomisk utsatte bransjer som bygg, finans og bilindustrien<sup>8</sup>. Eurosona skil seg ikkje markant frå EU totalt. Her var 10,3 prosent kvinner og 9,9 prosent menn arbeidslause i 2010. I 2011 ser kvinne delen ut til å stige igjen i EU-27, noko som heng nært saman med at budsjettkutt i offentleg sektor og kvinne dominansen der<sup>9</sup>.

## **Inntekt**

Lønene er også av variabel storleik i dei europeiske landa. I EU-27 tente ei kvinne i 2009 gjennomsnittleg 17 prosent mindre enn ein mann per arbeidstime<sup>10</sup>. Variasjonen mellom medlemslanda er stor. I Estland var skilnaden på heile 30,9 prosent, i Tsjekkia og i Austerrike på 26 og 25 prosent, medan han i Romania «berre» var på 9 prosent. I Noreg tente kvinner omlag 16 prosent mindre enn menn.

Inntektsskilnaden mellom kvinner og menn heng til ein viss grad saman med yrkedeltakinga<sup>11</sup>. Når det gjeld kvinner med låg utdanning, ligg sysselsetjingsprosenten mellom 19 og 29 i Polen, Bulgaria, Italia og Latvia – mot gjennomsnittet 37,7 prosent i heile EU (2009-tal). I Tyskland, Nederland og Storbritannia derimot, var mellom 40 og 53 prosent kvinner sysselsett. Sistnemnte gruppe av land hadde høgare inntektsskilnader mellom kvinner og menn. Å spå noko kring utfallet av eurokrisa for kvinner og

menn blir dermed ytterlegare komplisert.

Ved tidlegare økonomiske kriser har det vist seg å vera dobbelt så vanskeleg for kvinner å finne seg nytt arbeid att<sup>12</sup>. Men ved lønskutt i kvinnedominerte yrke i offentleg sektor, er det også mykje som tydar på at desse av seg sjølv vel å forlate arbeidsstokken. Korkje arbeidsløysetala eller lønsskilnadene vil derfor sjå så dramatiske ut som dei elles kunne ha gjort.

#### Noter

- 1) Rapport frå EU-kommisjonen om likestilling mellom kvinner og menn. COM(2009) 77 s. 3.
- 2) Bakgrunnsdokument frå EU-kommisjonen om strategien for likestilling mellom kvinner og menn 2010-2015. SEC(2010) 1080 s. 18.
- 3) Ibid.
- 4) Rapport frå EU-kommisjonen om likestilling mellom kvinner og menn. COM(2009) 77 s. 5.
- 5) European Commission: Employment, Social Affairs and Inclusion, <http://ec.europa.eu/social/main.jsp?catId=764&langId=en>
- 6) Eurostat: Employment rate by gender, [http://epp.eurostat.ec.europa.eu/tgm/refreshTableAction.do?tab=table&plugin=1&pcode=t2020\\_10&language=en](http://epp.eurostat.ec.europa.eu/tgm/refreshTableAction.do?tab=table&plugin=1&pcode=t2020_10&language=en)
- 7) Eurostat: Employment statistics, [http://epp.eurostat.ec.europa.eu/statistics\\_explained/index.php/Unemployment\\_statistics#Male\\_and\\_female\\_unemployment\\_trends](http://epp.eurostat.ec.europa.eu/statistics_explained/index.php/Unemployment_statistics#Male_and_female_unemployment_trends)
- 8) Eurostat: Impact of the economic crisis on unemployment, [http://epp.eurostat.ec.europa.eu/statistics\\_explained/index.php/Impact\\_of\\_the\\_economic\\_crisis\\_on\\_unemployment#Gender\\_differences](http://epp.eurostat.ec.europa.eu/statistics_explained/index.php/Impact_of_the_economic_crisis_on_unemployment#Gender_differences)
- 9) Rapport frå EU-kommisjonen om likestilling mellom kvinner og menn. COM(2009) 694 s. 4.
- 10) Eurostat: The unadjusted gender pay gap 2009, [http://epp.eurostat.ec.europa.eu/statistics\\_explained/index.php?title=File:The\\_unadjusted\\_gender\\_pay\\_gap\\_2009.png&filetimestamp=20110704080244](http://epp.eurostat.ec.europa.eu/statistics_explained/index.php?title=File:The_unadjusted_gender_pay_gap_2009.png&filetimestamp=20110704080244)
- 11) Eurostat: Gender pay gap statistics, [http://epp.eurostat.ec.europa.eu/statistics\\_explained/index.php/Gender\\_pay\\_gap\\_statistics#Economic\\_activity\\_and\\_gender\\_pay\\_gap](http://epp.eurostat.ec.europa.eu/statistics_explained/index.php/Gender_pay_gap_statistics#Economic_activity_and_gender_pay_gap)
- 12) Rapport frå EU-kommisjonen om likestilling mellom kvinner og menn. COM(2009) 694 s. 4.

# Studieplan

Nei til EU legg mykje arbeid i det å vera ein organisasjon tufta på kunnskap. Nei-sidas største ressurs er godt skulerte og engasjerte medlemmer. Ein kan tileigna seg mykje kunnskap ved å lesa, men det å diskutera kan ofte gje ei djupare forståing av emnet. Dette er tanken bak studieringar. Studieringar kan alle arrangera. Ein enkel form for studiering kan vera at deltakarane les noko litteratur til kurskveldane og diskuterer det ein har lese. Det går også an å invitera innleiarar til kurskveldane.

Nei til EU er medlem av studieforbundet Populus. For å få økonomisk støtte frå studieforbundet må studieringen oppfylle visse kriteria, mellom anna at han må vara minst 8 timar. Sjå [www.populus.no](http://www.populus.no) eller ta kontakt med Nei til EU sentralt. Vi hjelper gjerne til!

Studiearbeid er sosialt, gjer godt for hovudet og er bra for ei skranten pengekasse i lokallaget!

*Lukke til!*

## **Kveld 1: Hovudtrekka i likestillingspolitikken til EU**

Les forordet pluss kapitla «Det sure stridseplet», «Feminist i EU-parlamentet» og «Likestilling i EUs utenrikspolitikk».

*Spørsmål:*

- Kva er grunnideen i EUs likestillingspolitikk?
- Korleis har EUs likestillingspolitikk utvikla seg historisk?
- Drøft sitatet frå Grete Berget i artikkelen «Det sure stridseplet».
- Korleis fremjar EU likestillingspolitikken sin i utanrikspolitikken? Er dette uproblematisk? Kvifor/kvifor ikkje?

## **Kveld 2: Kvinner og krise**

Les kapittelet «Finanskrisens følger for kvinner i EU», «Kvinner på jakt etter makt» og «Set livet på vent».

Forslag til utdypande litteratur: «Eurokrisen – hva gjør EU?» Vett nr. 2-2011. Heile heftet kan med fordel brukast, men tekstane frå Tony Johansson og Asbjørn Wahl er særleg relevante her.

### *Spørsmål:*

- Kvifor oppstod krisa og kva er krisa sine hovudtrekk?
- Kva følgjer for krisa for kvinner?
- Drøft årsakene til at det er dobbelt så vanskeleg for kvinner som menn å få nytt arbeid når kvinnene har vorte arbeidsledige.
- Samanlikn tekstane om Irland og Hellas. Er irske og greske kvinner råka av det same?

## **Kveld 3: Likestillingspolitikken frå EU – følgjer for Noreg i EØS**

Les kapitelet «Kjønnskvoltering- en menneskerett», «Union med forviklingar» og «Det sure stridseplet»

### *Spørsmål:*

- Korleis påverkar likestillingspolitikken i EU norsk politikk - gjennom EØS-avtala og elles?
- Korleis kan likestillingspolitikken i EU vera eit argument mot norsk EU-medlemskap?
- Kvifor er kvotering av eitt kjønn så vanskeleg for EU?
- Kva er skilnaden på Kvinnekonvensjon og EU sitt syn på kvotering?



# Bli medlem i dag!

«Det er feil at ja-siden ikke vil ha en folkeavstemning... Europabevegelsen er veldig opptatt av å få opp en EU-debatt så fort som mulig.»

**Europabevegelsens generalsekretær Trygve Nordby, ABC Nyheter 7. mars 2011.**

Et sterkt Nei til EU er den beste garantien mot at ja-siden prøver seg igjen. Som medlem får du avisen Standpunkt seks ganger i året.

---

## Meld deg inn i Nei til EU! Klipp ut og send inn.

- Jeg vil bli medlem i Nei til EU (kr 150,- første året)
- Jeg vil bli medlem med studentrabatt (kr 50,-)
- Jeg vil bli medlem i Ungdom mot EU (kr 50,-)
- Jeg vil bli husstandsmedlem (kr 50,-)

Navn: .....

Adresse: .....

Postnummer/-sted: .....

..... E-post: .....

**Du kan  
også melde  
deg inn via  
SMS:**

«NTEU navn  
og adresse» til  
2090



**Nei til EU**

Svarsending 0331  
0090 Oslo